Statsforvaltaren
i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Vår dato: 03.11.2026
Vår ref: 2021/30222
Dykkar dato:
Dykkar ref:

GOL KOMMUNE RÅDMANN OG STAB
Gamlevegen 4
3550 GOL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Brage Sævarang, 32266607

Vedtak om løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Golsfjellet tettbebyggelse i Gol kommune

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus fattar vedtak om nytt løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse* i Gol kommune. Løyvet omfattar Golsfjellet avløpsreinseanlegg med tilhøyrande avløpsnett, pumpestasjonar og overløp.

Av omsyn til Tisleifjorden stiller Statsforvaltaren strengare utsleppskrav enn det som er søkt om.

Løyvet gjeld frå dags dato og erstattar det tidlegare løyvet datert 09.01.2002 (løyvenr. 2002.0230.T) i sin heilskap. Løyvet med tilhøyrande vilkår ligg ved.

Statsforvaltaren fattar vedtak om gebyr på kr 194 600 for handsaming av saka.

Vedtaket om løyve og fastsetjing av gebyr kan klagast på innan tre veker.

Vi viser til søknad om nytt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse*[1] i Gol kommune, motteken 18.06.2021. Vi viser òg til dei øvrige dokumenta i saka.

Bakgrunn
Golsfjellet avløpsreinseanlegg er eit kommunalt avløpsreinseanlegg i Gol kommune. Avløpsreinseanlegget er eit mekanisk/kjemisk/biologisk anlegg med etterpolering i våtmarksbasseng. Anlegget har ein dimensjonerande kapasitet på 5 100 pe (BOF_5).

Gol kommune har i dag utsleppsløyve for Golsfjellet reinsedistrikt, der Golsfjellet avløpsreinseanlegg inngår. Løyvet blei gjeve av Fylkesmannen i Buskerud 09.01.2002. Løyvet er over 20 år gamalt, og det

[1] I dette vedtaket og løyvet er omgrepet «tettbebyggelse» nytta i kursiv, sjølv om vedtaket og løyvet elles er skrive på nynorsk, fordi dette er omgrepet som er brukt i forureiningsforskrifta kapittel 14.

har kome nytt avløpsregelverk sidan den gongen. Som følgje av dette er det behov for å oppdatere løyvet slik at det samsvarer med dagens gjeldande praksis og regelverk. Gol kommune har derfor sendt inn ny søknad om utsleppsløyve til Statsforvaltaren. I søknaden blir det søkt om løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse.* Kommunen har søkt om å utvide pe-ramma i løyvet. Sidan søknaden gjeld auka rammer for utslepp, er det nødvendig å gjere vurderingar av det auka utsleppet etter forureiningsregelverket, vassforskrifta og naturmangfaldlov

Statsforvaltaren etterspurde i e-post av 13.06.2024 vurderingar knytte til fosforutslepp i Tisleifjorden, ut frå at fosfortilstanden i Tisleifjorden var moderat. Kommunen sendte svar på spørsmåla i brev av 08.10.2024.

Tisleifjorden var opphavleg registrert som vassførekomst av typen kalkfattig, klar, skog (L205), før han vart endra til kalkfattig, klar, fjell (L305). Tisleifjorden fekk endra type på grunnlag av at skiljet mellom skog og fjell vert sett ved 800 moh eller ved tregrensa, medan Tilseifjorden ligg på 809-821 moh. Endringa førte til strengare klassegrenser for totalfosfor. Statsforvaltaren vurderte, i samanheng med saksbehandlinga og møter med Statsforvaltaren i Innlandet tidleg 2026, at vassførekomsten skulle endrast tilbake til kalkfattig, klar, skog. Endringa vart grunngjeve i at Tisleifjorden ligg under tregrensa, og området rundt i stor grad er prega av skog.

Søknad

Tettbebyggelse

Golsfjellet avløpsreinseanlegg ligg innanfor Golsfjellet *tettbebyggelse,* som er regulert etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta. I 2021 hadde *tettbebyggelsen* eit samla utslepp tilsvarande 4 000 pe (BOF_5) i maksveke. Ifølgje prognosen i søknaden vil utsleppet i 2035 vere 6 100 pe (BOF_5) i maksveke, og 3 100 pe (BOF_5) i gjennomsnittsveke.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar lagt fram i brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve, er utsleppet i 2035 berekna til 5 700 pe (BOF_5) i maksveke og 1 426 pe (BOF_5) i gjennomsnittsveke.

Omsøkt utsleppsramme

Gol kommune søkte om løyve til utslepp frå samla tilført avløpsmengd på inntil 6 500 pe (BOF_5) i maksveke frå Golsfjellet *tettbebyggelse*. I brev frå kommunen med merknader til utkastet til løyve ønskte kommunen å endre den søkte ramma til 5 700 pe (BOF_5)) i maksveke frå Golsfjellet *tettbebyggelse*.

Omsøkte reinsekrav
I søknaden om nytt utsleppsløyve blir det søkt om å vidareføre reinseeffektkravet for fosfor og reinsekrava for organisk stoff i løyvet frå 2002. Omsøkte reinsekrav er gjeve i tabellen nedanfor.

Parameter	**Reinsekrav**	**Frist**
Totalfosfor (Tot-P)	93 %	Frå dags dato
BOF_5	70 % reduksjon eller maksimalt 25 mg O_2/l ved utslepp	Frå dags dato
KOF_{CR}	75 % reduksjon eller maksimalt 125 mg O_2/l ved utslepp	Frå dags dato

Avløpsnett
Avløpsnettet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg ligg i tre ulike nedbørsfelt. Utslepp frå den nordlegaste delen av avløpsnettet går til Tisleifjorden. Den midtre delen av avløpsnettet ligg i eit nedbørsfelt med avrenning til Tisleia, som renn ut frå Tisleifjorden. Den sørlegaste delen ligg i eit nedbørsfelt med avrenning til elva Rusteåni, som renn ut i Hallingdalselva. Avløpssystemet er eit 100 % separatsystem som består av to pumpestasjonar og om lag 9 km avløpsnett. Ifølgje kommunen har avløpsnettet utfordringar med innlekking av framandvatn i periodar med mykje nedbør og snøsmelting. Tal frå eigenkontrollrapportane viser likevel at det er svært lite avløpsvatn som går i overløp frå avløpsnettet.

Handtering av slam
Golsfjellet avløpsreinseanlegg har i dag avvatning av slam med sentrifuge og søkjer om å vidareføre dagens handtering. Avvanna slam blir sendt til mottaksanlegg med gyldig løyve for vidare handsaming. Reinseanlegget tek ikkje imot slam frå andre anlegg.

Det er ikkje eige septikmottak ved Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Avløp frå tette tankar, rejektvatn og slam frå større private reinseanlegg blir ført inn på avløpsnettet ved pumpestasjonen Hemsil II, og leidd vidare til Gol avløpsreinseanlegg.

Påverknad på resipient
Golsfjellet avløpsreinseanlegg har utslepp til Tisleifjorden. I søknaden er det gjort ei teoretisk vurdering av korleis den økologiske tilstanden i fjorden vil bli påverka av det omsøkte utsleppet frå reinseanlegget. Resultata viser at totalfosfor i verste fall kan tilsvare moderat tilstand i 2035, men dette er likevel ikkje venta å ha stor innverknad på algevekst i resipienten. Dagens tilstand med omsyn til klorofyll a er svært god. Det er òg sannsynleg at konsentrasjonane av totalnitrogen og TOC i resipienten aukar noko, men at dei framleis vil tilsvare god tilstand. Det er ikkje venta merkbare endringar i oksygenforbruket i resipienten som følgje av auka utslepp av organisk materiale.

Gol er ein hyttekommune, og reinseanlegget har størst tilførsel i feriemånadene, særleg i samband med vinterferie og påske. Korte periodar med høg tilførsel kan føre til auka konsentrasjonar av bakteriar i resipienten. Auka bakteriekonsentrasjonar i vinter- og vårperioden vil likevel ha mindre betydning for brukarinteressene i resipienten.

Høyring

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus sendte 16.08.2021 søknaden på høyring til råka partar, offentlege organ og styresmakter samt organisasjonar som tek vare på allmenne interesser. Søknaden blei òg lagd ut på nettsidene til Statsforvaltaren. Vi mottok eitt innspel i samband med høyringa. Nedanfor er det gjeve ei oppsummering av høyringsinnspelet og kommentarane frå Gol kommune til dette.

Asplan Viak AS på vegne av Torleif Kinneberg

På vegne av Torleif Kinneberg, eier av gbnr. 37/48, 126, 127 på Glomsrud på Golsfjellet, samt deleier av gbnr. 28/183, bes det om at tettbebyggelsen ved Glomsrud tas inn i søknaden om utslippstillatelse for Golsfjellet tettbebyggelse. Området er per i dag regnet som en mindre tettbebyggelse og hører under kapittel 13 i forurensningsforskriften. Tettbebyggelsen har en godkjent utslippstillatelse for en samlet pe-belastning rett under 2 000 pe.

Det er per i dag ikke mulig å videreutvikle noe innen tettbebyggelsen, uten at noen av de regulerte feltene som ikke er utviklet, tas ut av planen. Det pågår også et arbeid gjennom EU med nytt avløpsdirektiv, der det foreslås at tettbebyggelser på minst 1 000 pe vil bli omfattet av kapittel 14. Området ved Glomsrud vil da regnes som en større tettbebyggelse. Selv om nytt avløpsdirektiv ikke er vedtatt per i dag, er det mye som tilsier at dette vil skje i løpet av nær fremtid.

Såfremt statlige myndigheter ikke legger opp til at de mindre tettbebyggelsene skjønnsmessig kan få dispensasjon til å bli driftet privat, er det Gol kommune som skal drifte avløpsanlegget.
Gol kommune har varslet at de ikke ønsker å drifte dette anlegget, men at avløpet må føres til Golsfjellet avløpsanlegg. I sitt forslag til kommuneplanens arealdel har kommunen allerede tatt høyde for en overføringsledning fra Glomsrud til Golsfjellet avløpsanlegg.

Samlet sett må det være mest fordelaktig at Glomsrud tettbebyggelse inngår i utslippstillatelsen til Golsfjellet tettbebyggelse nå, slik at prosessen med å innarbeide og utvikle området fremover, kan startes. Det vil kunne gi en fremtidsrettet utvikling på Golsfjellet med hensyn til behandling av avløpsvann.

Samtidig bes det om at kommunen tar stilling til om det må tas høyde for videreutvikling av tettbebyggelsen, og om det er nødvendig å øke antallet pe i søknaden utover 2 000 pe. Det bes også om at Statsforvalter så raskt som mulig kan ta stilling til eventuelle dispensasjonssøknader for privat drift av kommunale avløpsanlegg som faller inn under kapittel 14 i forurensningsforskriften. Dette vil bli et tema snarlig, etter hvert som man blir klar over de krav og økonomiske investeringer som må ivaretas i nær fremtid.

Kommentarar frå Gol kommune til Torleif Kinneberg

Gol kommune er enig i at det kan være fordelaktig å se på en felles avløpsløsning for tettbebyggelsene for Golsfjellet og Glomsrud. Før en endelig avgjørelse om fremtidig avløpsløsning for Glomsrud tettbebyggelse kan fattes, er det imidlertid behov for utredninger av vesentlig omfang. Kommunen understreker at det vil være tidkrevende å få gjennomført de nødvendige utredningene, samt få på plass nødvendige avtaler. Videre må kommunestyret fatte nødvendig vedtak om overtagelse av hele eller deler de private avløpssystemene i Glomsrud tettbebyggelse.

I og med at Golsfjellet renseanlegg i dag har en utslippstillatelse som ikke er i tråd med dagens regelverk, mener kommunen at det haster med å få innvilget søknad om utslippstillatelse. Kommunen mener derfor det vil være for tidkrevende å gjennomføre nødvendige utredninger, som det er behov for før en eventuell beslutning om overføring av avløpsvann kan avgjøres av kommunestyret. På bakgrunn av dette ber Gol

kommune om at eksisterende utslippssøknad behandles som den er. Dersom Statsforvalteren innvilger nåværende søknad, vil ikke dette være til hinder for nødvendige utredninger. Kommunen vil også ha muligheten til å søke om ny utslippstillatelse, dersom en overføring av avløpsvann fra Glomsrud tettbebyggelse blir aktuelt.

Statsforvaltaren si vurdering

Generelt

I utgangspunktet er det forbode å forureine, jf. forureiningslova § 7. Etter § 11 i lova kan forureiningsstyresmakta likevel, etter søknad, gje løyve til verksemd som kan medføre forureining. Når forureiningsstyresmakta avgjer om det skal givast løyve etter § 11 og fastset vilkåra etter forureiningslova § 16, blir det lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket vurderte opp mot dei fordelane og ulempene tiltaket vil medføre, jf. forureiningslova § 11 femte ledd.

Statsforvaltaren vurderer òg søknaden om løyve opp mot vassforskrifta § 4, som slår fast at «tilstanden i overflatevann skal beskyttes mot forringelse, forbedres og gjenopprettes med sikte på at vannforekomstene skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand». I tillegg skal alle saker som rører naturmangfaldet, etter naturmangfaldlova § 7, vurderast etter prinsippa i §§ 8–12 i same lov.

Det er verknadene av det omsøkte tiltaket på den aktuelle staden som er vurderte. Dersom tiltakshavar seinare ønskjer å gjennomføre tiltaket på ein annan måte enn det som er omtalt i søknaden, må det søkjast på nytt.

Sjølv om forureininga blir halden innanfor fastsette vilkår, pliktar tiltakshavar å redusere utsleppa sine og påverknaden på miljøet så langt det er rimeleg utan urimelege kostnader.

Lovgrunnlag og styresmakt

Aktuell verksemd krev løyve etter forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 14-4. Vilkåra er gjevne med heimel i forureiningslova §§ 16, 22 og 40.

Statsforvaltaren har handsama saka som rett forureiningsstyresmakt for utslepp av kommunalt avløpsvatn frå større *tettbebyggelser* jf. forureiningsforskrifta § 14-3 og rundskriv T-3/12.

Forureiningsforskrifta kapittel 14 gjeld for utslepp av kommunalt avløpsvatn frå *tettbebyggelser* med samla utslepp større enn eller lik 2 000 pe til ferskvatn og 10 000 pe til sjø. Dette følgjer av § 14-1. Tettbygd område er definert i kapittel 11 *generelle bestemmelser om avløp*, jf. § 11-3 bokstav k. Avgrensinga blir avgjord etter geografisk utstrekning og/eller på bakgrunn av overføringsleidningar. Avgrensinga er uavhengig av kommune- og fylkesgrenser. Dersom avløpsvatn frå to eller fleire *tettbebyggelser* blir samla opp og ført til eitt felles reinseanlegg eller utsleppsstad, vert dei to *tettbebyggelsene* rekna som ein *tettbebyggelse*.

Nytt avløpsdirektiv vart vedteke av EU 27.11.2024. Implementeringa av det nye direktivet i norsk rett kan medføre endringar i forurensingsforskrifta. Det vil til kvar tid vere det strengaste kravet som gjeld.

Vurdering av forureiningspotensialet frå anlegga

Formålet med løyvet

Avløpssektoren utgjer ein kritisk infrastruktur for å samle opp og reinse avløpsvatn for å redusere forureining av vatn og vassdrag. Samstundes har sektoren òg forureinande utslepp til vatn gjennom overløp, lekkasjar i avløpsnettet og utslepp frå avløpsreinseanlegg. I tillegg kan avløpssystemet medføre fare for forureining av luft og grunn.

Utgangspunktet for krava som blir stilte til avløpssystemet i kommunen, ligg i forureiningsforskrifta kapittel 14. Forskrifta utgjer minstekrav som skal overhaldast. Forskrifta må òg sjåast i samanheng med EUs vassrammedirektiv, som er gjennomført i norsk rett gjennom vassforskrifta. Dette inneber at Statsforvaltaren kan fastsetje strengare krav dersom det, på bakgrunn av ei avveging av fordelane og ulempene forureininga frå avløpssystemet medfører, blir vurdert som nødvendig. I denne samanhengen vil føringane i vassforskrifta om miljømål vere eit viktig premiss. Det vil normalt vere vassførekomsten si toleevne som er styrande for krava som blir fastsette. Sentralt er også kva teknologi som er tilgjengeleg for i størst mogleg grad å unngå den forureininga som avløpssektoren kan medføre.

Formålet med eit løyve er derfor primært å verne miljøet mot uheldige verknader av utslepp av avløpsvatn, også eventuelt forureina overvatn, for å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand i dei vassførekomstane som blir påverka. I løyve med vilkår stiller forureiningsstyresmakta krav som skal sikre tilfredsstillande oppsamling, transport og reinsing av avløpsvatn og overvatn, mellom anna tiltak for å hindre forureining frå overløpsutslepp og lekkasjar frå avløpsnettet.

Tettbebyggelse

Golsfjellet avløpsreinseanlegg tek imot og handsamar avløpsvatn frå Golsfjellet *tettebebyggelse* i Gol kommune. *Tettbebyggelsen* er regulert etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Det ligg òg ei *anna tettbebyggelse* på Golsfjellet, kalla Glomsrud. Glomsrud *tettbebyggelse* er regulert etter kapittel 13. Kommunen vurderer å byggje ei overføringsleidning frå Glomsrud til Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Dersom dette skjer, vil Glomsrud *tettbebyggelse* bli ein del av Golsfjellet *tettbebyggelse*. Dette følgjer av definisjonen i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k, som slår fast at dersom avløpsvatn frå to eller fleire *tettbebyggelser* blir samla opp og ført til eitt felles reinseanlegg eller utsleppsstad, bli dei rekna som éin *tettbebyggelse*.

I samsvar med punkt 1.1 i løyvet skal kommunen til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på *geografisk utstrekning* (arealet) av *tettbebyggelsen* og *potensiell utslippsstørrelse* i pe (berekna etter NS 9426). Ved utbygging av den kommunale infrastrukturen eller vesentleg utviding av verksemd som medfører auka utslepp frå Golsfjellet *tettbebyggelse*, skal den *geografiske utsrekningen* og *potensiell utslippsstørrelse* i pe (BOF_5) oppdaterast. Vidare skal det vere samsvar mellom det potensielle utsleppet frå Golsfjellet *tettbebyggelse* og etablert reinsekapasitet ved Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Avløpsreinseanlegget skal utformast slik at det kan ta imot og handsame alt avløpsvatn som oppstår i Golsfjellet *tettbebyggelse* under alle dei klimatiske tilhøva som er normale for staden der anlegget ligg.

Når det potensielle behovet for oppsamling av kommunalt avløpsvatn frå *tettbebyggelsen* skal vurderast, skal vedtekne reguleringsplanar for kommunen leggjast til grunn. Føremålet med dette er å sikre at behovet for auka oppsamlings- og behandlingskapasitet for avløpsvatn er tilpassa kommunen sine planar for ny utbygging av bustad- eller hytteområde, eller aktuell næringsverksemd. Plikt til tilknyting til eksisterande avløpsanlegg følgjer av forureiningslova § 23 og

plan- og bygningslova § 27-2. Kommunane følgjer opp denne plikta som styresmakt etter plan- og bygningslova.

Rammer for løyvet
Løyvet omfattar utslepp frå samla tilført avløpsmengd til Golsfjellet avløpsreinseanlegg på inntil 5 700 pe (BOF_5), målt i maksveke. Dersom den tilførte avløpsmengda frå Golsfjellet *tettbebyggelse* til reinseanlegget målt i maksveke, er større enn 5 700 pe (BOF_5), skal Statsforvaltaren varslast, og Gol kommune må søkje om endring av løyvet i samsvar med den faktiske belastninga.

I utkastet til løyve som vart sendt over 17.08.2026, sette vi ei ramme på 6 500 pe (BOF_5). I brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve ønskte kommunen å endre den omsøkte ramma til 5 700 pe (BOF_5), målt som maksimalt vekebelastning. Dette var grunngjeve med oppdaterte prognosar.

På bakgrunn av dei oppdaterte prognosane blir ramma i løyvet sett til 5 700 pe (BOF_5).

Styringsdokument
For å sikre god handtering av avløpsvatn og for å motverke forureining, stiller Statsforvaltaren gjennom løyvet krav til styringsdokument, avløpsnett, utslepp til resipient og resipientovervaking. For å sikre minst mogleg forureining frå avløpssystemet er det viktig at dei vilkåra som blir stilte, blir overhaldne, og at kommunen varslar Statsforvaltaren ved eventuelle endringar som har betydning for det gjevne løyvet. Endringar som kan ha betydning for den samla belastninga, og som inneber eit vesentleg auka utslepp, må søkjast Statsforvaltaren som forureiningsstyresmakt før endringane blir gjennomførte.

I kapittel 2 og 3 i løyvet går det fram krav til kva for styringsdokument Statsforvaltaren stiller krav om at kommunen har knytte til det samla avløpssystemet. Dette inneber først og fremst ei klimatilpassa miljørisikovurdering av det samla avløpssystemet, jf. punkt 2.6.1 i løyvet. Dette skal inngå som ein del av kommunen sin internkontroll, og kravet om internkontroll følgjer av *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder* (internkontrollforskrifta) §§ 2, 4 og 5. Miljørisikovurderinga skal vere ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen og beredskapsplanen. Vi understrekar at lista i løyvet over tema som eit minimum skal leggjast vekt på i ei miljørisikovurdering, ikkje er uttømmande. Det er opp til kommunen å identifisere alle aktuelle risikoområde innanfor sitt verkeområde på avløpssektoren, der mellom anna vilkåra i gjeldande løyve, utslepp til ytre miljø, forureiningsfare og vassmiljøforskrifta med meir skal leggjast til grunn.

I samsvar med punkt 2.7 i løyvet skal kommunen ha ein overordna plan for avløp, ofte omtala som hovudplan for avløp, temaplan eller tilsvarande. Den overordna avløpsplanen skal vere kommunen sitt styringsdokument og verktøy for handtering av avløp, både på kort og lang sikt. Planen skal vere forankra i kommunen sitt behov for tiltak og investeringar. Planen skal sjå ulike mål og prioriteringar i samanheng og bidra til at vassmiljømåla i vassforskrifta blir nådde. Handlingsdelen i den overordna avløpsplanen skal samanstille tiltak og prioriteringar innanfor gjeldande økonomiplanperiode. Utfordringane knytte til eit meir ekstremt klima skal belysast, mellom anna kva for tiltak som blir sette i verk for å sikre dei framtidige funksjonane til avløpssystemet.

Kommunen opplyser i søknaden at anlegget vil kunne handtere dei vassmengdene som blir tilførte anlegget i 2035. Vi minner om at kommunen, som ein del av den årlege vurderinga etter punkt 2.7 i løyvet, skal vurdere om den etablerte behandlingskapasiteten står i forhold til det berekna

potensielle utsleppet frå tettbusetnaden. Dersom belastninga aukar utover 5 100 pe (BOF5), føreset vi at det blir sett i verk tiltak for å auke den dimensjonerande kapasiteten.

Påslepp av industrielt avløpsvatn
Gol kommune må sikre at påslepp av industrielt avløpsvatn ikkje reduserer høvet til å overhalde utslepps- og reinsekrav som er fastsette i løyvet eller i forureiningsforskrifta, eller at det reduserer moglegheita for å utnytte avløpsslammet i samsvar med krava i gjødselvareforskrifta. Det er derfor viktig at alle påslepp blir risikovurderte og regulerte i påsleppavtalar eller påsleppsvedtak. Kommunen skal ha oversikt over verksemder som kan utgjere ein risiko for det kommunale avløpssystemet, jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følgje opp desse gjennom pålegg og tiltak.

Kommunen kan velje om løyve til nye påslepp skal givast gjennom påsleppsvedtak eller påsleppavtalar. Skilnaden mellom dei to er viktig, sidan eit påsleppsvedtak med heimel i forureiningsforskrifta kapittel 15 og 15A inneber at kommunen er forureiningsstyresmakt for påsleppet, og dermed kan nytte sanksjonsheimlane i forureiningsregelverket. Ved bruk av påsleppavtale inngår kommunen ein privatrettsleg avtale med næringsverksemda, og det er då avtaleretten som regulerer forholdet mellom partane. Vi tilrår kommunen på det sterkaste å fatte vedtak om påslepp med heimel i forureiningsregelverket.

Konsekvensar for naturmiljøet
Naturmangfaldlova § 8 stiller krav om at offentlege avgjerder som rører naturmangfaldet, så langt det er rimeleg, skal byggje på vitskapleg kunnskap om bestandssituasjonen til artar, utbreiinga av naturtypar og den økologiske tilstanden, samt verknadene av påverknader.

I Naturbase til Miljødirektoratet er det ikkje registrert viktige naturtypar i Tisleifjorden i nærleiken av utsleppspunktet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg. I Artsdatabanken er det registrert raudlista fugleartar i nærleiken av Tisleifjorden, men det er ikkje registrert raudlista fiskeartar i Tisleifjorden eller rett nedstraums i elva Tisleia.

Tisleifjorden blei prøvefiska i 2018, og tilløpselvar og bekkar blei befarte og elfiska. Fiskesamfunnet i innsjøen består av aure, abbor og ørekyte. Undersøkinga indikerte at aurebestanden var tynn til middels tett, medan abborfangsten var på eit lågt nivå. I samsvar med klassifiseringssystemet for vassførekomstar er Tisleifjorden vurdert til moderat tilstandsklasse med omsyn til fisk i 2022. Dette skuldast primært effekten av vassdragsreguleringar, og er i liten grad knytt til utslepp av avløpsvatn. Vidare går det fram at fiskebestandane i Tisleifjorden blir påverka av barriereeffektar som følgje av dammar, barrierar og sluser knytte til vasskraftproduksjon. Ørekyte blir rekna som ein introdusert art og er ein påverknadsfaktor for fisk i vassførekomsten.

Søknaden og Statsforvaltaren si behandling av han er basert på eksisterande kunnskap om det biologiske mangfaldet i og rundt tiltaksområdet. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget om tiltaket sine verknader på naturmangfaldet og den samla belastninga på naturmangfaldet er tilstrekkeleg, jf. §§ 8 og 10. Føre-var-prinsippet i § 9 kjem difor ikkje til anvending i denne saka. Føresetnaden er at vilkåra vert haldne, og vi vurderer at det er låg risiko for at utsleppa av avløpsvatn vil ha vesentleg negativ påverknad på naturmangfaldet i Tisleifjorden, Tisleia eller andre resipientar nedstraums.

Statsforvaltaren minner om at det er tiltakshavar (kommunen) som skal dekkje kostnadene ved å unngå og avgrense skade på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 11. Kommunen pliktar òg å nytte miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skadeverknader på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar kommunen å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av forureiningskomponentar det ikkje er fastsette grenseverdiar for gjennom særskilde vilkår.

Vurdering etter vassforskrifta
Golsfjellet avløpsreinseanlegg har utslepp til Tisleifjorden, medan avløpsnettet til reinseanlegget har direkte utslepp via nødoverløp ved pumpestasjonar til Gurisetbekken og Bjødnalibekken, og indirekte utslepp via lekkasjar til Tisleifjorden og nedbørsfelta til elvane Tisleia og Rusteåni.

I Vann-Nett (2026) er Tisleifjorden (Vann-Nett ID: 012-531-L) karakterisert som ein stor, kalkfattig og klar innsjø. Vassførekomsten er ei sterkt modifisert vassførekomst med moderat økologisk potensial og udefinert kjemisk tilstand. Økologisk potensial er sett til moderat på grunn av moderat tilstand for kvalitetselementet «fisk», og er basert på data frå 2018. Tisleifjorden er hovudsakleg påverka av vasskraftreguleringar og introduksjon av framande artar (ørekyte), og i mindre grad av utslepp av avløpsvatn frå hytter og kommunale reinseanlegg (Golsfjellet avløpsreinseanlegg).

Tisleifjorden renn ut i Tisleia (Vann-Nett ID: 012-895-R), som er karakterisert som ei middels stor til stor, kalkfattig og klar elv. Den økologiske tilstanden er moderat, medan den kjemiske tilstanden er udefinert. Økologisk tilstand er moderat på grunn av moderat tilstand for kvalitetselementet fisk, og data er frå 2013. Vassførekomsten er hovudsakleg påverka av vasskraftreguleringar og introduksjon av ørekyte. Tisleia renn vidare ut i Ølsjøen. Vatn frå Ølsjøen renn deretter vidare gjennom ei rekkje vassførekomstar før det endar opp i Tyrifjorden. Frå Tyrifjorden renn vatnet ut i Oslofjorden via Drammenselva og Drammensfjorden.

Vassførekomstane Tubbeåni og Rusteåni utgjer til saman Rusteåni. Tubbeåni (Vann-Nett ID 012-79-R) er ei middels stor, moderat kalkrik og klar elv. Elva har god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand. Vassførekomsten er i liten grad påverka av punktutslepp frå reinseanlegg, utslepp frå hytter og ørekyte. Rusteåni nedre (Vann-Nett ID 012-85-R) er ei middels stor, kalkfattig og humøs elv. Elva er ei sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) med moderat økologisk potensial og udefinert kjemisk tilstand. Vassførekomsten er i betydeleg grad påverka av vasskraftreguleringar.

Gurisetbekken (Vann-Nett ID 012-658-R) og Bjødnalibekken (som høyrer til Kamben- og Møni-bekkefeltet med Vann-Nett-ID (012-1425-R) har begge god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.

Gol kommune har gjennomført resipientovervaking i Tisleia i perioden 2015–2020. For parametrane klorofyll a, nitrogen (Tot-N), fosfor (Tot-P) og TOC byggjer tilstandsvurderinga på middelverdien for dei siste tre åra. Tilstandsvurderinga for bakteriar (TKB) byggjer på 90-persentilen. Analyseresultata viser svært god tilstand med omsyn til klorofyll a, svært god tilstand med omsyn til nitrogen og god tilstand med omsyn til fosfor. Fosfortilstanden ligg på grensa mot moderat. Det er ikkje gjennomført målingar av oksygenkonsentrasjonen i resipienten. Samla tilstand for vassførekomsten er moderat økologisk potensial. Det er fisk som er utslagsgjevande for klassifiseringa.

I samsvar med §§ 4 og 5 i vassforskrifta skal tilstanden i overflatevatn og i kunstige eller sterkt modifiserte vassførekomstar vernast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha minst god økologisk tilstand eller økologisk potensial og god kjemisk tilstand. Nye aktivitetar og inngrep skal ikkje medføre forringing eller gjere det vanskelegare å nå fastsette miljømål. Statsforvaltaren vurderer at dei fastsette vilkåra i løyvet vil sikre at utsleppa frå

avløpssystemet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg ikkje fører til forringing av miljøtilstanden i Tisleifjorden og andre råka resipientar, eller gjer det vanskelegare å nå miljømåla for desse. Vi viser til avsnitta nedanfor for ei nærare vurdering av krava til utslepp frå avløpsnett og reinsekrava for Golsfjellet avløpsreinseanlegg.

Utslepp til vatn frå avløpsnettet

Utsleppa frå avløpsnett i Noreg er til dels store og dårleg dokumenterte. Dårleg avløpsnett og innlekking av framandvatn blir i dag rekna som det største driftsproblemet ved norske avløpsanlegg. Innlekking av framandvatn medfører både dårlegare funksjon ved avløpsreinseanlegga og auka utslepp. Vidare fører utett avløpsnett til at ureinsa avløpsvatn lek ut og forureinar miljøet.

Nye løyve til avløpssektoren legg i større grad enn tidlegare vekt på, og stiller krav til, funksjon, vedlikehald og fornying av avløpsnettet. Kommunar og anleggseigarar må etablere overvatnsløysingar som er planlagde og dimensjonerte for venta framtidig auka nedbørsintensitet, slik at spillvassnettet ikkje blir overbelasta av framandvatn.

Løyvet omfattar krav til avløpsreinseanlegg, avløpsnett, pumpestasjonar og overløp. Dette blir omtala som det samla avløpssystemet. Det samla avløpssystemet som er regulert i løyvet, omfattar ikkje anna enn det kommunen sjølv driftar.

Tilknytingsgrad

I dei nye løyva er det òg eit auka fokus på tilknyting til det kommunale avløpsnettet. I punkt 3.1.2 i løyvet blir det stilt krav om at kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for trinnvis auka tilknyting for eksisterande område der tilknytingsgraden per i dag er lågare enn 98 %. Planen for trinnvis tilknyting skal inngå i kommunen sin overordna avløpsplan.

Kravet om 98 % tilknytingsgrad er basert på regjeringa sitt nasjonale mål for vatn og helse. Føremålet med kravet er å motverke forureining av vassførekomstar og ta omsyn til helsa til folk og dyr, samt å bidra til å sikre at det offentlege avløpsnettet blir bygt ut og drive driftsøkonomisk rasjonelt.

Fornying av avløpsnett og reduksjon av framandvatn

Statsforvaltaren meiner at det må sikrast ei forsvarleg fornying av avløpsnettet i Gol kommune. Avløpsnettet må driftast, vedlikehaldast og fornyast på ein planmessig måte, slik at venta funksjon og god teknisk tilstand blir haldne oppe på lang sikt. Dette meiner vi best kan gjerast ved å basere tiltaka på forpliktande handlingsplanar som er nedfelte i kommunale saneringsplanar. På denne måten vil tiltaka bli dimensjonerte ut frå reelle behov og utfordringar, og i samsvar med venta levetid på dei eksisterande avløpsreinseanlegga. Tiltak i kommunen skal vere baserte på miljørisikovurderinga som kommunen utarbeider for det samla avløpssystemet.

For å redusere innlekking av framandvatn stiller Statsforvaltaren krav om at kommunen skal ha ein plan for å redusere delen framandvatn som blir tilført avløpsnettet, jf. punkt 3.1.4 i løyvet. Vidare blir det stilt krav om at kommunen skal ha ein tiltaksplan for fornying av avløpsnettet. Utforminga av ein slik tiltaksplan er nærare skildra i punkt 3.1.3 i løyvet.

Overløp på avløpsnettet

Etter forureiningsforskrifta § 14-5 siste ledd er det krav om at den ansvarlege for avløpsanlegget skal ha oversikt over alle overløp på avløpsnettet. Oversikta skal òg omfatte eventuelle lekkasjar av betydning.

Avløpssystemet til Golsfjellet reinseanlegg er eit 100 % separatsystem som består av to pumpestasjonar og om lag 9 km avløpsnett. Ifølgje kommunen har avløpsnettet utfordringar med innlekking av framandvatn i periodar med mykje nedbør og snøsmelting. Tal frå eigenkontrollrapportane viser likevel at det er svært lite avløpsvatn som går i overløp frå avløpsnettet. Sidan regnvassoverløp ikkje skal førekome på separatsystem, har vi i punkt 3.1.5 i løyvet stilt krav om at det ikkje skal førekome regnvassoverløp frå avløpsnettet frå og med 01.01.2028.

Statsforvaltaren meiner det er viktig at kommunen har oversikt over mengda avløpsvatn som blir sleppt ut via overløp på avløpsnettet. Grunnen til dette er at overløpsutslepp kan utgjere ein risiko for forureining. I punkt 3.1.5 i løyvet er det derfor stilt vilkår om at driftstid for alle overløp skal registrerast. Alle overløp skal målast frå og med 01.01.2028. Utslepp frå overløp kan bereknast dersom ei miljørisikovurdering dokumenterer at overløpet er av mindre miljømessig betydning. Utrekningane skal ha låg uvisse. Måling av alle vesentlege overløp er ein føresetnad for å ha eit godt kunnskapsgrunnlag for å arbeide med reduksjon av framandvatn og overløpsutslepp, samt for å stille krav til funksjonen til avløpssystemet.

Vi minner om at kommunen har plikt til å ha oversikt over korleis overløpsutsleppa påverkar vassførekomstar, naturtypar og sårbare artar, jf. punkt 2.8 i løyvet. Krav og målsetjingar i vassforskrifta er eit viktig hjelpemiddel ved vurdering av forureiningsfare og behov for tiltak

Kommunen skal sørgje for overvaking av moglege miljøverknader av utslepp frå overløpspunkt på avløpsnettet av vesentleg storleik eller betydning, til råka vassførekomstar, jf. punkt 9.2 i løyvet. Kommunen skal òg overvake korleis utsleppa påverkar tilstanden i vassførekomstane og dokumentere om utsleppa fører til forringing eller til at miljømåla ikkje blir nådde, jf. punkt 9.3.

Statsforvaltaren føreset at Gol kommune set av tilstrekkelege ressursar til å følgje opp arbeidet med fornying av avløpsnettet.

Verknadsgrad på avløpsnettet
Det er stilt vilkår om verknadsgrad på avløpsnettet i punkt 3.1.6 i løyvet. Det er stilt krav om at utslepp som følgje av feil på leidningsnettet, stans i pumpestasjonar og liknande, skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og det er venta at dei blir reduserte over tid som eit resultat av tiltak.

Verknadsgraden til avløpsnettet skal dokumenterast jamleg. Kravet om å dokumentere verknadsgraden er nødvendig for at kommunen skal kunne ha ei oppfatning av kor stor del av mengda kommunalt avløpsvatn som blir tilført avløpsnettet, som faktisk kjem fram til avløpsreinseanlegget.

Føremålet med kravet er å sikre at avløpsnettet er funksjonelt til kvar tid, med minst mogleg lekkasjar og overløp. Dokumentasjon av verknadsgraden til avløpsnettet og tiltak for å auke verknadsgraden skal inngå som ein del av internkontrollsystemet til kommunen.

Berekning av verknadsgraden på avløpsnettet skal gjerast på grunnlag av målte verdiar for overløp eller berekna verdiar (med låg måleuvisse) for mindre omfattande overløpsutslepp. I tillegg skal andre ulike kjelder til tap bereknast.

I brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve, gir kommunen uttrykk

for at verknadsgraden bør bereknast på grunnlag av stoffmengd. Kravet om å berekne verknadsgrad er i utgangspunktet basert på vassmengd etter ei tidlegare klageavgjerd frå Miljødirektoratet. Direktoratet har seinare opplyst at stoffmengd òg kan nyttast som berekningsgrunnlag, og at det viktigaste er at kommunen nyttar den same berekningsmetoden over tid, slik at resultata kan samanliknast. Vi har derfor endra ordlyden i punkt 3.1.6 slik at verknadsgraden kan bereknast på grunnlag av vassmengd eller stoffmengd.

Utslepp til vatn frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Vurdering av utsleppspunkt for Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Utsleppet går til eit etterpoleringstrinn som består av to våtmarksbasseng. Etter etterpolering renn avløpsvatnet via ein liten bekk til utsleppspunktet i Tisleifjorden. Kommunen har gode erfaringar med denne utsleppsløysinga, og meiner at ho bidreg til eit meir skånsamt utslepp enn dersom utløpsvatnet hadde blitt ført i røyr direkte frå reinseanlegget til vassførekomsten. Vi føreset at kommunen sikrar at utsleppspunktet er eigna med tanke på å redusere påverknaden på resipienten i størst mogleg grad.

Kommunen har òg vurdert at det ikkje finst alternative vassførekomstar som kan vere aktuelle å nytte som resipient for Golsfjellet avløpsreinseanlegg.

Vurdering av utsleppsgrenser

Statsforvaltaren gjer merksam på at alle utsleppskrav gjeld ved utløp frå avløpsreinseanlegget, før etterpolering i våtmarksbasseng.

Fosfor

Ifølgje nettstaden norskeutslipp.no hadde Golsfjellet avløpsreinseanlegg eit utslepp på om lag 14 kg fosfor (Tot-P) i 2022, om lag 15 kg fosfor (Tot-P) i 2023, om lag 8 kg fosfor (Tot-P) i 2024, og om lag 6 kg fosfor (Tot-P) 2025 med ein reinseeffekt på høvesvis 96,6 %, 96,7 %, 98,1 % og 98,6 %.

I Vann-Nett har Tisleifjorden god tilstand for totalfosfor, men fosforkonsentrasjonen ligg nær grensa for moderat tilstand. I resipientvurderinga frå Rambøll blir utsleppet av fosfor frå reinseanlegget vurdert å ha avgrensa påverknad på tilstanden i Tisleifjorden. Det blir vurdert at små endringar i tilførsel frå andre kjelder (naturleg avrenning mv.) truleg vil vere like viktige for tilstanden i resipienten som endringar i utsleppsmengder frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Det går likevel fram av dei teoretiske berekningane av Rambøll at konsentrasjonen av totalfosfor vil liggje nær grensa for moderat tilstand i 2030, og at han i verste fall kan tilsvara moderat tilstand i 2035.

For å sikre at utsleppet ikkje vil føre til forringing av tilstanden i resipienten, vurderte vi at det var behov for å stille noko strengare reinsekrav enn det som var omsøkt. Golsfjellet avløpsreinseanlegg har i praksis hatt ein reinseeffekt på over 96 % i sju år. Vi stilte difor krav om 96 % reinsing av fosfor og vidareførte kravet i løyvet frå 2002 om at restutsleppet av fosfor ikkje skal overstige 70 kg per år i utkastet til løyve.

I brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve vart det lagt fram oppdaterte prognosar. Ifølgje den nye prognosen vil utsleppet auke til om lag 65 kg, gitt den omsøkte reinseeffekten på 93 % og forventa belastning i gjennomsnittsveke i 2035 på 1 426 pe (BOF_5). Vi vurderer at det ikkje er nødvendig å stille krav om 96 % reinsing av fosfor for å hindre forringing av tilstanden i Tisleifjorden. Golsfjellet reinseanlegg har likevel reinsa stabilt over 96 % for fosfor dei siste sju åra. Eit reinsekrav på 93 % vil liggje vesentleg lågare enn den reinseeffekten

kommunen har dokumentert. Statsforvaltaren vurderer derfor at eit slikt krav ikkje i tilstrekkeleg grad reflekterer den reinsinga anlegget faktisk er i stand til å oppnå.

Kommunen beskriv i søknadens resipientvurdering at ved ei auke i årleg utslepp på om lag 200 kg fosfor, vil tilstanden i resipienten bli moderat for fosfor. Reinsekravet for fosfor blir difor sett til 95 %. Dette er også i tråd med krav gitt til andre avløpsreinseanlegg med biologisk reinsetrinn i nye løyver. Kommunen kommenterte også at dei ønskte å fjerne kravet til restutslepp av fosfor. Vi vurderer at kravet om eit restutslepp på maksimalt 70 kg fosfor per år skal takast ut av løyvet.

Organisk stoff

Avløpsvatn er rikt på organisk stoff. Når avløpsvatnet blir sleppt ut i resipienten, vil det bli brote ned av mikroorganismar. Dette er ein prosess som krev oksygen, og særleg stor tilførsel av nedbrytbart organisk materiale kan føre til oksygenfattig vatn, noko som igjen kan medføre dårleg vasskvalitet og fiskedød. Det er ikkje gjennomført målingar av oksygenkonsentrasjonen i Tisleifjorden, men nivåa av næringssalt og klorofyll a i innsjøen tyder på låg grad av eutrofiering og låg algevekst. Dette talar for at oksygenforholda er gode, ettersom høg algevekst ofte er korrelert med låg oksygenkonsentrasjon.

I Vann-Nett er tilstanden for det biologiske kvalitetselementet fisk sett til moderat, men dette blir vurdert å skuldast morfologiske endringar i habitatkvaliteten som følgje av vasskraftreguleringar, og ikkje låg oksygenkonsentrasjon.

I resipientvurderinga frå søkjar blir det vurdert at den maksimale estimerte auken i utslepp av BOF_5 frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg vil kunne redusere oksygenkonsentrasjonen i vatnet med maksimalt om lag 0,36 %. Det blir derfor konkludert med at utslepp av organisk materiale ikkje vil få direkte negative konsekvensar for resipienten. I lys av dette vurderer Statsforvaltaren at det er liten risiko for at utsleppa av organisk stoff vil påverke Tisleifjorden i vesentleg grad. Vi vurderer at dei omsøkte reinsekrava for organisk stoff vil vere tilstrekkelege for å sikre miljøtilstanden i resipienten og stiller dermed krav om 70 % reinsing av BOF_5 eller maksimalt 25 mg O_2/l ved utslepp, og 75 % reinsing av KOF_{CR} eller maksimalt 125 mg O_2/l ved utslepp.

Vi minner om at innføringa av det nye avløpsdirektivet i norsk rett kan føre til strengare minstekrav til reinsing av organisk stoff. Kommunen må då rette seg etter det kravet som til kvar tid er det strengaste.

Bakteriar

I søknaden opplyser kommunen at brukarinteressene i Tisleifjorden omfattar fiske, bading, rekreasjon/friluftsliv og vasskraft. Bakteriar kan påverke desse brukarinteressene negativt. Eit prøvetakingskrav for E.coli kan gi kunnskap om kor mykje bakteriar som blir sleppte ut frå avløpsanlegget.

På bakgrunn av brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve, ønskte kommunen at kravet om prøvetaking av E. coli vart teke ut. Vi vurderer at kravet om prøvetaking av E. coli kan fjernast, då nytten av prøvetakinga ikkje står i eit rimeleg forhold til ressursbruken.

Nitrogen

Dei siste åra har det vore eit aukande fokus på miljøtilstanden i Oslofjorden. Oslofjorden har i dag store eutrofiproblem. Ein rapport frå NIVA og Havforskingsinstituttet, *Utredning av behovet for å redusere tilførslene av nitrogen til Ytre Oslofjord*, viser at det blir sleppt ut for mykje nitrogen til Oslofjorden. Rapporten konkluderer med at det er behov for å redusere tilførslene av nitrogen frå

avløpssektoren, noko som inneber å innføre nitrogenreinsing ved reinseanlegg som har utslepp til fjorden.

Golsfjellet avløpsreinseanlegg har utslepp til nedbørsfeltet til Oslofjorden. Som følgje av dette vil utslepp av nitrogenhaldig avløpsvatn frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg kunne påverke Oslofjorden.

Den 13.05.2022 tok Statsforvaltaren imot eit brev frå Miljødirektoratet med nye føringar knytte til innføring av nitrogenreinsing ved avløpsanlegg som har utslepp til Oslofjorden. I brevet skriv Miljødirektoratet at alle kommunar og interkommunale selskap (IKS) som høyrer til ein omfattande *tettbebyggelse* innanfor nedbørsfeltet til Oslofjorden, må rekne med at det vil kome krav om nitrogenreinsing ved utslepp av kommunalt avløpsvatn. Med omfattande *tettbebyggelse* er det meint *tettbebyggelser* med potensiell utsleppsstorleik større enn 10 000 pe (BOF_5). Det blir likevel peika på at tilstanden i fjorden er så alvorleg at det er behov for reduksjon i alle tilførsler til Oslofjorden som kan føre til eutrofiering. Vidare blir det peika på at fosfor- og nitrogenreinsing i praksis vil vere ein føresetnad for at industriverksemder som har prosessavløpsvatn med høgt innhald av organisk materiale og næringssalt, kan ha påslepp til kommunale avløpsreinseanlegg eller interkommunale selskap. Miljødirektoratet presiserer at det er behov for at flest mogleg kommunar med utslepp direkte til Oslofjorden eller sidefjordar tek til med prosjektering av nitrogenreinsing før dei formelt får krav om dette, og oppmodar samstundes til samarbeid på tvers av kommunar og mellom kommunar og industriverksemder om å etablere berekraftige reinseløysingar i regionen.

Forureiningslova § 11 slår fast at forureiningsstyresmakta, ved avgjerda av om løyve skal gjevast eller ikkje, og ved fastsetjing av vilkår, skal leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene tiltaket vil medføre, vurderte opp mot dei fordelane og ulempene tiltaket elles vil ha. Dette gir uttrykk for ei skjønnsutøving som er lagd til forureiningsstyresmakta. Det skal leggjast stor vekt på forureiningsmessige omsyn, men òg andre omsyn skal ha betydning, mellom anna økonomi. Innføring av nitrogenreinsing er eit kostbart tiltak og vil medføre auka kostnader i form av høgare vatn- og avløpsgebyr for abonnentane i Gol kommune.

Storleiken på Golsfjellet *tettbebyggelse* er berekna til om lag 5 700 pe (BOF_5) i 2035. Dette inneber at *tettbebyggelsen* ikkje reknast som ein omfattande *tettbebyggelse*. På dette grunnlaget, samt at nitrogenutsleppet frå Golsfjellet avløpsanlegg er av avgrensa storleik og at Tisleifjorden ikkje blir rekna for å vere nitrogenavgrensa, vurderer vi at det ikkje er forholdsmessig å krevje at avløpsvatnet frå Golsfjellet *tettbebyggelse* skal reinsast for nitrogen. Vi vil derfor ikkje stille krav om nitrogenreinsing i løyvet, men stiller krav om at det skal takast prøvar av nitrogen for å få kunnskap om kor mykje nitrogen som blir sleppt ut frå avløpsreinseanlegget.

Prøvetaking

I samsvar med forureiningsforskrifta § 14-11 skal det takast representative prøvar av avløpsvatnet. For å fange opp variasjonar i utsleppa frå avløpsreinseanlegget, mellom anna utslepp i maksveke og overløp, er det viktig å ta eit tilstrekkeleg tal prøvar. Golsfjellet avløpsreinseanlegg er av ein slik storleik at det, jf. forureiningsforskrifta § 14-11, skal takast minimum 12 prøvar av avløpsvatnet. Ettersom det er stor variasjon i belastninga på avløpsreinseanlegget gjennom året, vurderer vi likevel at det er nødvendig å auke prøvetakingsfrekvensen for å få eit representativt tal for det årlege utsleppet frå anlegget. Vi stiller derfor krav om 24 prøvar per år.

For KOF_{CR} og BOF_5 skal det takast døgnblandprøvar. For fosfor og nitrogen kan det veljast om det skal takast vekeblandprøvar eller døgnblandprøvar.

Overvaking etter forureiningsforskrifta og vassforskrifta

Statsforvaltaren har fastsett vilkår om resipientovervaking i punkt 9 i løyvet. Gol kommune skal overvake i samsvar med forureiningsforskrifta og vassforskrifta. Overvaking etter forureiningsforskrifta skal gjennomførast i nærleiken av utsleppspunkta og dokumentere effekten av utsleppa av avløpsvatn. Overvaking etter vassforskrifta skal gjennomførast lengre unna utsleppspunkta og dokumentere tilstanden i resipienten etter samla belastning.

Overvakingskrava i dette løyvet erstattar tilsvarande krav gjevne i tidlegare vedtak frå Statsforvaltaren. Dersom det vert gjennomført annan overvaking i resipienten av andre aktørar (til dømes vassområde), blir det tilrådd at overvakingane blir samordna.

I brev frå kommunen datert 28.09.2026 med merknader til utkastet til løyve ønskte kommunen å ta ut punkt 9.2 og endre punkt 9.4. Vi presiserer at dette er standardtekst i avløpsløyver, og at krava i tillegg følgjer av forureiningsforskrifta § 14-9. Vi vurderer difor at vilkåra skal stå uendra.

Utslepp til luft

Lukt

Statsforvaltaren stiller krav om at verksemda til kommunen ikkje skal medføre luktulemper av betydning for naboar. Dersom kommunen har punktkjelder for lukt i nærleiken av bustader mv., skal det gjennomførast luktberekningar i samsvar med Norsk Standard NS-EN 13725. I den samanhengen viser vi til rettleiaren *Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven* (TA-3019/2013). Det er òg fastsett luktimmisjonskrav for lukt frå punktkjelder i punkt 4.2 i løyvet, samt krav om at kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik knytte til lukt i punkt 4.1 i løyvet.

Klimagassar

I punkt 4.3 i løyvet er det stilt krav om at utslepp av klimagassar frå drifta av det samla avløpssystemet skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Kommunen skal årleg utarbeide eit klimagassrekneskap for Golsfjellet avløpsanlegg for å få oversikt over eigne utslepp.

Eit klimagassrekneskap er eit internkontrolldokument som skal inngå i kommunen sitt internkontrollsystem. Klimagassrekneskapen skal vise kva utslepp av klimagassar avløpsverksemda har, mellom anna kva klimagassar som blir sleppte ut, kva aktivitetar som fører til utsleppa, og den estimerte storleiken på utsleppa. Det skal vidare setjast eit mål for utslepp av klimagassar, og det må gjerast greie for korleis kommunen arbeider for å nå dette målet.

Korleis klimagassrekneskapen skal utformast, mellom anna kva metodar som skal nyttast og kva mål som skal setjast, er det opp til kommunen sjølv å vurdere. Vi presiserer at det berre er utslepp av klimagassar knytte til drifta av det samla avløpssystemet som er omfatta av løyvet, som skal inngå i rekneskapen.

Støy

Statsforvaltaren har i punkt 5 i løyvet fastsett vilkår for støy i tråd med gjeldande praksis for avløpsløyve, basert på *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021).

Utslepp til grunn
Statsforvaltaren har satt vilkår for utslepp til grunn i punkt 6 i løyvet. Verksemda skal ikkje medføre utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skade eller ulemper for miljøet. Gol kommune pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn.

Avløpsslam
Avløpsslam (råslam) er å rekne som ein overskotsfraksjon som oppstår ved reinsing av kommunalt avløpsvatn, og blir derfor rekna som avfall i samsvar med forureiningslova § 27. Dette inneber at avløpsslam skal handterast i tråd med avfallsregelverket. Behandling av slam krev løyve etter forureiningslova § 29. Krav til avfall og avløpsslam er omtala i punkt 7 i løyvet.

Gol kommune har ikkje søkt om løyve til behandling av slam. Det er derfor ikkje tillate å ta imot eller behandle slam ved Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Avvatning av slam blir ikkje rekna som behandling etter avfallsregelverket.

Gol kommune er ansvarleg for å sikre at avløpsslammet blir handtert i tråd med avfallsregelverket og dei krava som følgjer av forureiningslova § 32.

Kjemikaliar
Gol kommune opplyser at det blir nytta Ekomix som fellingskjemikalium ved avløpsreinseanlegget. I tillegg blir det nytta polymer. Vi viser til krava i forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring av farlege kjemikaliar og farleg avfall. Vi viser òg til substitusjonsplikta ved bruk av kjemikaliar. Det skal visast aktsemd ved bruk av kjemikaliar, og Gol kommune er ansvarleg etter lov om kontroll med produkt og forbrukartenester (produktkontrollova), for å vurdere om det finst alternativ som inneber mindre risiko for helseskade eller miljøforstyrring. Bruk og utslepp av kjemikaliar skal inngå i miljørisikovurderinga.

Rapportering
Kommunen pliktar å ha kontroll med eigne utslepp og skal rapportere årleg til Statsforvaltaren som forureiningsstyresmakt. Kravet om rapportering går fram av punkt 9.4 og 12 i løyvet.

Statsforvaltaren vil følgje opp at krava som er fastsette i løyvet, samt det øvrige forureiningsregelverket, blir overhaldne gjennom tilbakemelding på eigenkontrollrapport, årsrapport og tilsyn.

Forhold til plan
Området der Golsfjellet avløpsreinseanlegg ligg, er i kommuneplanen sin arealdel sett av til «*Andre typer bebyggelse og anlegg*».

Statsforvaltaren gjer merksam på at dette løyvet berre er gyldig dersom verksemda er i samsvar med gjeldande plan.

Samfunnsmessige omsyn
Avløpsanlegg er kritisk infrastruktur. Oppsamling og reinsing av avløpsvatn er nødvendig for å redusere utslepp av forureining og hindre ytterlegare forringing av vasskvaliteten i vassførekomstar.

Statsforvaltaren vurderer at handtering av avløpsvatn i eit kontrollert avløpssystem som er regulert til føremålet, er i samsvar med regelverket, og at dette omsynet må leggjast stor vekt på i vurderinga

av om løyve skal givast. Med dei fastsette vilkåra i løyvet vil utslepp av avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse* ikkje føre til forringing av tilstanden i vassførekomstane eller gjere det vanskelegare å nå fastsette miljømål.

Konklusjon

Statsforvaltaren har vurdert søknaden frå Gol kommune og kome fram til at samfunnsnytta verksemda representerer, overstig dei forureiningsmessige ulempene knytte til verksemda. Vi har vurdert at drifta til Gol kommune på avløpssektoren, med dei vilkåra som er fastsette i løyvet, ikkje vil kome i konflikt med naturmangfaldet eller medføre forringing av tilstanden i vassførekomstane, eller gjere det vanskelegare å nå miljømåla etter vassforskrifta.

Statsforvaltaren gjev Gol kommune løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse* på særskilde vilkår. Det er ein føresetnad at verksemda blir driven i samsvar med dei vilkåra som følgjer av løyvet og forureiningsregelverket elles.

Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak som løyvet krev. Tabellen viser til vilkårspunkt i løyvet.

Referanse til vilkårspunkt	**Tiltakstypar**	**Fristar**
2.6 Internkontroll	Gjennomgang og oppdatering av internkontrollen	Årleg gjennomgang og oppdatering ved endringar
2.6.1 Miljørisikovurdering	Gjennomgang og oppdatering av miljørisikovurderinga	Årleg gjennomgang og oppdatering ved endringar
2.7. Krav til planlegging	Vurdering av korleis krava i løyvet og i forureiningsforskifta kap. 14 er følgde opp, vurdere behov for nye tiltak og endringar i prioriteringar	1. mars kvart år
3.1.5 Krav til utslepp via overløp	Dokumentere årlege utsleppsmengder i overløp Alle overløp skal målast Regnvassoverløp frå avløpsnettet skal ikkje førekomme	1. mars kvart år Frå og med 01.01.2028 Frå og med 01.01.2028
3.1.6 Krav til verknadsgrad for avløpsnettet	Gjennomføre planlagde tiltak for å redusere lekkasjar Utslepp som følgje av feil i avløpsnettet, stans i pumpestasjonar og liknande skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Det er venta at	Kontinuerleg Frå og med dags dato

	utsleppa blir reduserte over tid som følgje av tiltak.	
3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav Etterleving av nye reinsekrav for fosfor Etterleving av nye reinsekrav for BOF_5 Etterleving av nye reinsekrav for KOF_{CR}	Krav til utslepp og prøvetaking Minst 95 % reduksjon av total fosfor (Tot-P). Minst 70% reduksjon eller at utsleppskonsentrasjonen ikkje overstig 25 mg O_2/l. Minst 75% reduksjon eller at utsleppskonsentrasjonen ikkje overstig 125 mg O_2/l.	Løpande oppfølging Frå og med dags dato Frå og med dags dato Frå og med dags dato
3.2.5 Påslepp	Krav til vurdering av påslepp i miljørisikovurderinga	Løpande oppfølging
8. Etablering av beredskap	Krav til oppdatert beredskapsplan	Løpande oppfølging
9. Resipientundersøking og overvaking	Krav til årleg program for overvaking Drøfting av resultata frå overvaking etter forureiningsforskrifta og konklusjonar om klassifisering av kor sårbar resipienten er, skal sendast til Statsforvaltaren. Vurderingar av resultata frå overvaking etter vassforskrifta skal òg sendast til Statsforvaltaren.	Løpande oppfølging 1. mars året etter undersøkinga
12. Rapportering	Rapportere avløpsdata via Altinn og rapportere til Statsforvaltaren (årsrapport) og skriftleg vurdering av driftsforhold	1. mars kvart år

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus gjev Gol kommune løyve til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse* i Gol kommune.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 og forureiningsforskrifta kapittel 14 *Krav til utslipp av kommunalt avløpsvann fra større tettbebyggelse* § 14-4. Det er fastsett vilkår for løyvet med heimel i forureiningslova § 16.

Løyvet gjeld frå dags dato og erstattar løyvet som vart gjeve av Fylkesmannen 09.01.2002 i sin heilskap.

Det kan gjerast endringar i dette løyvet med heimel i forureiningslova § 18. Endringane skal baserast på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må derfor liggje føre i god tid før ei endring er ønskt gjennomført.

At forureininga er tillaten, utelèt ikkje erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap som følgje av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyr datert 29.06.2023. Vi varsla sats 3, som i 2023 utgjorde kr 175 000, for handsaming av søknaden.

Statsforvaltaren fattar vedtak om at forureiningsforskrifta § 39-4 sats 3 kjem til bruk i denne saka. Sidan den vesentlege delen av sakshandsaminga er gjennomført i 2025, vil satsane for dette året gjelde, jf. forureiningsforskrifta § 39-3 tredje ledd. Gol kommune skal derfor betale kr 194 600 for Statsforvaltaren sitt arbeid med løyvet. Heimel for vedtaket er forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4.

Ressursbruken knytt til sakshandsaminga er lagd til grunn ved fastsetjing av gebyrsatsen. Dette omfattar mellom anna gjennomgang av søknaden, møte og korrespondanse med søkjar, høyring av saka samt endeleg ferdigstilling av løyvet. Innsats frå andre fagpersonar hos Statsforvaltaren er òg inkludert.

Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Klagerett

Vedtak om løyve og gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå melding om vedtaket er komen fram, eller frå vedkomande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket.

Ei eventuell klage skal gjere greie for kva det blir klaga over, og kva for endringar som er ønskte. Klaga bør grunngjevast, og andre opplysningar som kan ha betydning for saka, bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren.

Ei klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan, etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klaga er avgjord. Avgjerda om gjennomføring kan ikkje klagast på. Ved klage på val av gebyrsats skal tilsend faktura betalast ved forfall. Miljødirektoratet vil tilbakebetale eit eventuelt overskytande beløp dersom klaga blir teken til følgje.

Underretning om vedtaket

Partar i saka, jf. forureiningsforskriften § 36-7 og andre som sendt inn høyringsfråsegn, blir rekna som underretta ved at dei får kopi av dette vedtaket.

Vi vil kunngjere vedtaket på nettsida til Statsforvaltaren: Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingen

Brage Sævarang
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Løyve med vilkår - Golsfjellet tettbebyggelse - Gol kommune - 2026.0068.T

Kopi til:

Asplan Viak			
MATTILSYNET	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
BUSKERUD FYLKESKOMMUNE	Hauges gate 89	3019	DRAMMEN
HALLINGDAL BRANN- OG REDNINGSTENESTE IKS	Torpomoen 27	3579	TORPO
GOL BONDELAG	c/o Hallingdal Økonomiservice AS Elvevegen 4	3550	GOL
GOL JEGER- OG FISKERFORENING	Postboks 15	3550	GOL
Kommunelegen - Gol kommune	Gamlevegen 4	3550	GOL
KAV Hallingdal - Kommunalt avløpstilsyn og vassforvaltning	v/ Ål kommune Torget 1	3570	ÅL
Guriset Sameie v/ Odd Arne Gjerden Torleif Kinneberg	Gjerdesvegen 22	3550	GOL

Statsforvaltaren
i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus

Løyve etter forureiningslova for Gol kommune til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse*

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 14-4. Vilkåra er fastsette med heimel i forureiningslova §§ 16, 22 og 40.

Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar som har kome fram i søknaden av 18.06.2021, kunnskap henta frå uttrekk i Vann-Nett og Naturbase datert 05.02.2026, samt andre opplysningar som har kome fram under handsaminga av søknaden.

Dette løyvedokumentet erstattar tidlegare løyvedokument av 09.01.2002 (tillatelsesnr. 2002.0230.T) i sin heilskap.

Informasjon frå Einingsregisteret:

Navn på ansvarleg eining: Gol kommune Rådmann og Stab
Organisasjonsnummer: 974607891
Postadresse: Gamlevegen 4, 3550 GOL

Informasjon om verksemda frå Statsforvaltarens database:

***Tettbebyggelse*:** Golsfjellet *tettbebyggelse*	
Anleggsnavn: Golsfjellet avløpsreinseanlegg	
Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 3324.0018.01 - Avløpsnett og -reinsing	
Kommune: Gol	**Fylke:** Buskerud
Lokalisering (UTM): sone 32, øst: 499430 nord: 6744620	
Lokalisering, adresse og gbnr: Golsfjellet, Golsfjellvegen 733, gbnr. 13/124	
Næringskode og bransje: 84.110 - Generell offentleg administrasjon	
Hovedkategori IED*:	
IED-kode: Ikkje omfatta	

* IED (industriutsleppsdirektivet) er gjennomført i norsk rett ved forureiningsforskrifta av 1. juni 2004 nr. 931, kap. 36.

Løyvenummer: 2026.0068.T		**Arkivreferanse:** 2021/30222
Løyve første gong gitt: 03.11.2026	**Løyve sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:**	**Løyve sist endra:**

Hilde Sundt Skålevåg seksjonssjef	Brage Sævarang rådgjevar

Løyvet er godkjend elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

Endrings-nummer	**Endringar av**	**saksbeh. og saksnr.**	**Skildring av endring**
00		Brage Sævarang, 2021/30222	Løyvet vart gitt. Løyvet erstattar løyve av 09.01.2002 (tillatelsesnr. 2002.0230.T) i sin heilskap.

Innhald

1 Rammer for løyvet 5
1.1 Løyvet omfattar 5
2 Generelle vilkår 7
2.1 Utslippsavgrensingar 7
2.2 Plikt til å halde grenseverdiar 7
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 7
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald 7
2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare 7
2.6 Plikt til internkontroll 8
2.6.1 Krav om miljørisikovurdering 8
2.7 Krav til kommunen si planlegging av samla avløpsverksemd 9
2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad 9
2.9 Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg 9
3 Utslepp til vatn 10
3.1 Krav til avløpsnettet 10
3.1.1 Generelt 10
3.1.2 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn 10
3.1.3 Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnett 10
3.1.4 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avløpsnettet 10
3.1.5 Krav til utslepp via overløp 11
3.1.6 Krav til verknadsgrad for avløpsnettet 11
3.2 Krav til reinsing av avløpsvatn 12
3.2.1 Generelt 12
3.2.2 Oversikt over avløpsreinseanlegg 12
3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav for Golsfjellet avløpsreinseanlegg 12
3.2.4 Utsleppspunkt for avløpsreinseanlegg og overløp 13
3.2.5 Påslepp 14
4 Utslepp til luft 14
4.1 Generelt 14
4.2 Lukt frå punktkjelder 15
4.3 Klimagassrekneskap og utslepp av klimagassar 15
5 Støy 15
6 Utslepp til grunn 16
7 Avfall og avløpsslam 16
7.1 Generelle krav til avfall 16

7.2 Handtering av avløpsslam....16
8 Akutt forureining – førebyggjande tiltak, varsling og beredskap....17
8.1 Førebyggjande tiltak....17
8.2 Beredskapsanalyse....17
8.3 Beredskapsplan....17
8.4 Beredskapsetablering....17
8.5 Øving av beredskap....17
8.6 Varsling av akutt forureining....18
9 Utsleppskontroll, resipientundersøkingar og overvaking....18
9.1 Krav om måleprogram....18
9.2 Overvaking etter forureiningsforskrifta....19
9.3 Overvaking etter vassforskrifta....19
9.4 Rapportering av overvakingsresultat....20
9.5 Registrering i Vannmiljø....20
10 Energi....20
10.1 Energistyringssystem....20
10.2 Utnytting av overskotsenergi....20
11 Substitusjon av kjemikaliar og råstoff....20
12 Krav til rapportering....21
12.1 Årleg eigenkontrollrapportering....21
12.2 Årsrapport for avløpsdata....21
12.3 Skriftleg vurdering av driftsforhold....21
13 Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg....22
14 Tilsyn....23
Vedlegg 1: Oversikt over utvalde, sentrale omgrep nytta i løyvet....24

1 Rammer for løyvet

1.1 Løyvet omfattar

Løyvet gjeld all transport, handsaming og utslepp av avløpsvatn frå Golsfjellet *tettbebyggelse.* Løyvet omfattar utslepp frå samla tilført avløpsmengd tilsvarande **inntil 5 700 personekvivalentar (pe)** BOF_5 frå *tettbebyggelsen*, målt i maksveke.

Det samla utsleppet omfattar desse avløpsreinseanlegga:

- Golsfjellet avløpsreinseanlegg, 5 700 pe (BOF_5)

Alle *tettbebyggelser* som er knytte til same avløpsreinseanlegg, òg *tettbebyggelser* i andre kommunar, blir rekna som ein *tettbebyggelse* i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 11, § 11-3 bokstav k, andre ledd.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på utbreiinga (arealet) av *tettbebyggelsen* og utleppsstorleiken i pe (BOF_5), berekna etter NS 9426[1]. Ved utbygging av den kommunale infrastrukturen eller vesentleg utviding av verksemd som medfører auka utslepp frå *tettbebyggelsen*, skal *tettbebyggelsen* si utbreiing og utleppsstorleik i pe (BOF_5) oppdaterast.

Kommunen pliktar å syte for at det er samsvar mellom reinsekapasiteten og storleiken på det potensielle utsleppet (pe (BOF_5)) av avløpsvatn i maksveke frå *tettbebyggelsen*, før slike endringar som er nemnde ovanfor, blir realiserte. Det er ikkje tillate å overskride det faktiske utsleppet i pe (BOF_5) utover ramma i løyvet. Ved langvarige overskridingar pliktar kommunen å utarbeide ein tiltaksplan for å redusere konsekvensane av dette på kort og lang sikt. Ved permanente utvidingar må kommunen søkje Statsforvaltaren om endring av løyvet.

Krav i dette løyvet tek utgangspunkt i kommunen sine berekna, potensielle utslepp etter NS 9426, og er baserte på kunnskap om talet på fastbuande og ikkje-fastbuande personar, industri med påslepp til avløpsnettet og eventuelle andre kjelder som vil påverke mengda og samansetjinga av det kommunale avløpsvatnet som oppstår.

[1] Med kommunen sine berekna potensielle utslepp meinast den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i pe (BOF_5) til det avløpssystemet som er regulert i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med venta høgast belastning. Berekningane skal vere representative for situasjonen på søknadstidspunktet og ti år fram i tid.

Tabell 1.1.1 *Berekningane er tekne med her for å unngå tvil om kva utsleppsforhold som låg til grunn då løyvet blei gjeve.*

Kjelde	**Berekna pe (BOF_5) i 2020**	**Berekna pe (BOF_5) i 2035**
Fastbuande	52	27
Kommunale verksemder og arbeidsplassar, hotell o.l.	966	1156
Tilknytte hytteområde	2 939	4 487
Påslepp industri	0	0
Overføring frå andre kommunar	0	0
Septikslam mottak	0	0
SUM	3 957	5 700
Oppgje vekenummeret for veka som er vald som veke med maksimalt utslepp, og som er lagt til grunn i berekningane i tabell 1.1.1.	Påskeveka	

Samarbeid mellom kommunar innanfor same *tettbebyggelse* om handtering av avløpsvatn er føresett formalisert gjennom privatrettslege avtalar.

Dette løyvet omfattar dei avløpsreinseanlegga som går fram av punkt 3.2.2 og utsleppspunkta slik dei er oppførte i punkt 3.2.4. Løyvet omfattar ikkje mottak av septikslam (sjå definisjonen av septikslam i *vedlegg 1*).

Nytt avløpsdirektiv blei vedteke av EU 27.11.2024. Gjennomføringa av det nye direktivet i norsk rett kan medføre endringar i forureiningsforskrifta. Det vil til kvar tid vere det strengaste kravet som gjeld.

Krava til overvaking i dette løyvet er tilpassa behovet for samordna overvaking etter vassforskrifta.

2 Generelle vilkår

2.1 Utslippsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er vurderte å ha størst miljømessig betydning for organisk belastning og eutrofisituasjonen i resipienten, er uttrykkeleg regulerte gjennom særskilde vilkår i punkt 3 til 5 i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er òg omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp har kome fram i samband med sakshandsaminga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket blei gjort.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene, jf. vilkår 3.2.3, og innanfor dei rammene som følgjer av forureiningsforskrifta § 14-13. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå det samla avløpssystemet, mellom anna utslepp til luft og vatn, samt støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar kommunen å redusere utsleppa så langt det er mogleg utan urimelege kostnader.

Det samla avløpssystemet skal driftast, haldast ved like og fornyast i eit langsiktig perspektiv, slik at venta funksjon og yting blir oppretthaldne og er stabile, sjølv ved variasjonar i belastning og klimaforhold.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit så lågt nivå som mogleg og for å unngå utilsikta utslepp, skal kommunen syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha betydning for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.5 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Kommunen skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus om unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessig betydning. Med forureiningsmessig betydning er meint unormale tilførslar av forureiningar til avløpsreinseanlegget som kan få konsekvensar for etterleving av utsleppskrava eller handtering av slam. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med krava som er fastsette i punkt 8 i dette løyvet.

2.6 Plikt til internkontroll

Kommunen pliktar å etablere internkontroll for avløpsverksemda i samsvar med gjeldande forskrift om dette[2]. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova[3] og relevante forskrifter til desse lovene. Særleg legg forureiningsforskrifta kapittel 11 og 14 rammene for kommunen si avløpsverksemd. Kommunen pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen pliktar til ei kvar tid å ha oversikt over alle tilhøve som kan medføre forureining, og å kunne gjere greie for risikotilhøve. Punkt 2.6.1 skildrar konkrete krav til innhaldet i ei miljørisikovurdering, både når det gjeld *akutt* forureining og risiko for annan ulovleg forureining.

2.6.1 Krav om miljørisikovurdering

Kommunen skal ha ei oppdatert, skriftleg og klimatilpassa miljørisikovurdering av det samla avløpssystemet som dette løyvet omfattar. Dette inneber ei risikovurdering av tilhøve knytte til avløpssystemet som kan føre til utilsikta forureiningsutslepp eller fare for forureining.

Denne miljørisikovurderinga skal som eit minimum leggje vekt på:

- Påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- Kritiske punkt i avløpsnett og avløpsreinseanlegg
- Utslepp til sårbar resipient frå avløpsnett og avløpsreinseanlegg
- Vurdering av utsleppets konsekvensar for naturverdiar
- Vassforskrifta § 4 og mål om god kjemisk og økologisk tilstand i vassførekomstane
- Utslepp av farlege stoff
- Område med moglege brukarkonfliktar
- Korleis det samla avløpssystemet blir påverka av klimaendringar
- Oppgje risiko og risikoreduserande tiltak i prioritert rekkjefølgje

På grunnlag av gjennomførte risikoanalysar og fastsette akseptable risikonivå for skadelege hendingar som følgje av utslepp, skal det planleggjast og gjennomførast tiltak for å halde risikonivået innanfor akseptable rammer. Både konsekvensreduserande og sannsynsreduserande tiltak skal vurderast. Kvart tiltak skal knytast til ein ansvarleg person eller funksjon, og tiltaket skal ha ein fastsett frist for gjennomføring. Dette skal dokumenterast skriftleg i ein tiltaksplan som inngår i verksemda sitt internkontrollsystem.

Miljørisikovurderinga og tilhøyrande tiltaksplan skal evaluerast minst éin gong per år og skal oppdaterast i takt med at tiltak blir gjennomførte og kunnskapsgrunnlaget endrar seg. Evalueringa skal dokumenterast skriftleg. Det skal liggje føre ei skriftleg rutine for gjennomføring av miljørisikovurderingar, mellom anna med kriterium for oppdatering.

Miljørisikovurderinga skal vere ein viktig del av grunnlaget for den overordna avløpsplanen og beredskapsplanen jf. punkt 2.7 og punkt 8.3.

---

[2] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

[3] L11.06.1976 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven)

2.7 Krav til kommunen si planlegging av samla avløpsverksemd

Kommunen skal syte for å identifisere behovet for vedlikehald, fornying og utbygging av avløpsnett, pumpestasjonar og avløpsreinseanlegg for kommunalt avløpsvatn og overvatn, både på kort og lang sikt. Kommunen pliktar vidare å setje av tilstrekkelege ressursar, både økonomiske og personalressursar, slik at identifiserte behov for tiltak og andre krav i dette løyvet kan gjennomførast på ein planmessig måte og over tid. Korleis kommunen skal løyse dette i praksis innanfor fastsette fristar, skal dokumenterast overfor Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus på førespurnad.

Gjennom ein overordna avløpsplan skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med den resterande planlegginga i kommunen. Avløpsplanen skal resultere i utarbeiding av konkrete tiltak. Det skal kome tydeleg fram kva for tiltak som skal gjennomførast innanfor gjeldande og komande økonomiplanperiode.

På bakgrunn av ei årleg vurdering av korleis krava i dette løyvet og forureiningsforskrifta kapittel 14 er følgde opp, skal kommunen vurdere behovet for nye tiltak og endringar i prioriteringane. Som ein del av den årlege vurderinga skal kommunen vurdere om etablert behandlingskapasitet for kommunalt avløpsvatn står i forhold til det berekna potensielle utsleppet frå *tettbebyggelsen* og vedtekne planar for utbygging. Dette for å sikre at behovet for auka oppsamlings- og behandlingskapasitet for avløpsvatn er tilpassa kommunen sine planar for ny utbygging av bustad- eller hytteområde, eller aktuell næringsverksemd. Ei skriftleg oppsummering av denne årlege vurderinga skal leggjast ved kommunen si eigenkontrollrapportering, jf. punkt 12.

Dersom vurderinga viser at behandlingskapasiteten ikkje er tilstrekkeleg, skal kommunen leggje fram konkrete tiltak for å auke behandlingskapasiteten og sikre framtidig finansiering før utbygginga blir gjennomført.

2.8 Plikt til å ha oversikt over og kunnskap om tilstand og påverknad

Kommunen skal ha kjennskap til, og kunne dokumentere skriftleg, i kva grad avløpsreinseanlegg, avløpsnett og forureina overvatn påverkar eller kan påverke vassmiljøet, sårbare naturtypar eller område som blir nytta av sårbare artar.

Det skal visast særleg aktsemd ved planlegging av nye leidningstrasear og ved graving eller andre aktivitetar som kan påverke naturmangfaldet. Kommunen må gjere seg kjend med relevante føresegner som kan gjelde for slik aktivitet.

2.9 Ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg

Dersom eit avløpsreinseanlegg er planlagt lagt ned eller stansa i ein periode som følgje av ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan medføre fare for auka forureining utover det som er tillate i dette løyvet, og som kan føre til at reinsekrava ikkje blir haldne, kan ikkje setjast i gang før Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus har gjeve mellombels unntak frå gjeldande reinsekrav. Søknader om unntak frå gjeldande reinsekrav må derfor sendast til Statsforvaltaren i god tid før oppstart av den planlagde aktiviteten.

3 Utslepp til vatn

3.1 Krav til avløpsnettet

3.1.1 Generelt

Avløpsnett, medrekna røyrleidnings-, tunnel- og pumpesystem for transport av avløpsvatn, med tilhøyrande kummer, skal – utan at det medfører uforholdsmessig store kostnader – dimensjonerast, byggjast, drivast og haldast ved like med utgangspunkt i beste tilgjengelege teknologi og fagkunnskap, særleg med omsyn til:

- mengda og eigenskapane til avløpsvatnet
- førebygging av lekkasjar
- avgrensing av forureining av resipientar som følgje av overløp

Statsforvaltaren legg til grunn at kommunen gjennomfører alle tenlege og førebyggjande tiltak mot forureining. Det vert lagt til grunn at kommunen tek utgangspunkt i den teknologien som, ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og økonomiske forhold, gir dei beste resultata, jf. forureiningslova § 2.

3.1.2 Krav til oppsamling av kommunalt avløpsvatn

Avløpsvatnet frå nye bygningar skal knytast til det offentlege avløpsnettet, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for trinnvis auka tilknyting for eksisterande område der tilknytingsgraden per i dag er lågare enn 98 %[4]. Planen for trinnvis tilknyting skal inngå i kommunen sin overordna avløpsplan.

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over utbyggingar og tilkoplingar som medfører endring i den samla utbreiinga av *tettbebyggelsen* og storleiken i pe (BOF_5).

Kommunen skal halde seg oppdatert på ny avløpsteknologi og ta i bruk beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense utslepp.

3.1.3 Krav om tiltaksplan for fornying av avløpsnett

Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for fornying av avløpsnettet, medrekna kummer, pumpestasjonar mv. Tiltaksplanen skal vise det årlege, gjennomsnittlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett, og kva for kriterium som er lagde til grunn for fornyinga. Tiltaksplanen skal vere samanhengande og skal som eit minimum omfatte dei neste fem åra. Kommunen sin leidningsdatabase skal oppdaterast fortløpande etter kvart som avløpsnettet blir fornya.

3.1.4 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn tilført avløpsnettet

Avløpsnettet skal vere eit 100 % separatsystem. Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for å redusere delen framandvatn som blir tilført avløpsnettet.

[4] Basert på nasjonale mål for vann og helse, vedtatt av regjeringen 22.05.2014, sist revidert 16.02.2024

I område der det separate overvassystemet tek imot forureina overvatn, skal behovet for reinsing vurderast og dokumenterast.

Utslepp av sanitært avløpsvatn via overvassystemet er ikkje tillate.

3.1.5 Krav til utslepp via overløp

Kommunen skal ha oversikt over alle utslepp av ureinsa avløpsvatn via overløp til resipient frå det samla avløpssystemet. Utslepp via overløp skal ikkje føre til forsøpling, forringing av vassførekomstar eller vanskeleggjere miljømåla i vassforskrifta, jf. § 4. Dette gjeld for eksisterande overløp og ved etablering av nye lokalitetar med overløpsmoglegheit.

Utslepp av ureinsa avløpsvatn er uønskt. Gol kommune skal arbeide for å redusere den samla mengda utslepp via overløp frå avløpsnettet samanlikna med dagens nivå. Sidan regnvassoverløp ikkje skal førekome på separatsystem, har vi stilt krav om at det ikkje skal førekome regnvassoverløp frå avløpsnettet frå og med 01.01.2028. For definisjonar av omgrepa nødoverløp og regnvassoverløp viser vi til vedlegg 1.

Driftstid for alle overløp skal registrerast. Alle utslepp via overløp skal målast frå og med 01.01.2028. Dersom kommunen gjennom miljørisikovurderinga kan dokumentere at eit overløp utgjer ein liten miljømessig risiko for resipienten, kan utslepp frå dette overløpet bereknast. Dette skal inngå i årsrapporteringa til Statsforvaltaren, jf. punkt 12.2.

Alle utslepp via nødoverløp skal registrerast særskilt og handterast som ei avvikssituasjon. Kommunen skal ha eit overvakings- og beredskapssystem som sikrar at nødoverløp straks blir oppdaga og utbetra innan 24 timar. Rutinar for dette skal gå fram av kommunen sine internkontrollrutinar og beredskapstiltak.

Planlagd stans i pumpestasjonar skal i utgangspunktet ikkje føre til overløpsdrift. I dei tilfella der dette likevel kan bli nødvendig, skal Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus varslast i god tid på førehand, slik at søknadsplikt etter forureiningslova kan vurderast.

3.1.6 Krav til verknadsgrad for avløpsnettet

Kommunen skal kontinuerleg gjennomføre planlagde tiltak for å redusere lekkasjar av ureinsa avløpsvatn frå avløpsnettet.

Verknadsgraden for avløpsnettet, det vil seie kor stor del av vassmengda eller stoffmengda som når fram til avløpsreinseanlegget samanlikna med den mengda som oppstår, skal dokumenterast og vere tilgjengeleg for Statsforvaltaren på førespurnad.

For å dokumentere verkingsgraden til avløpsnettet skal kommunen leggje til grunn målte verdiar for overløp eller berekna verdiar for mindre omfattande overløpsutslepp, jf. punkt 3.1.5. I tillegg skal andre ulike kjelder til tap bereknast. Dokumentasjon på verkingsgraden til avløpsnettet og tiltak for å auke verkingsgraden skal inngå som ein del av kommunen sitt internkontrollsystem.

Utslepp som følgje av feil i avløpsnettet, stans i pumpestasjonar og liknande, skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg, og det er venta at dei vert reduserte over tid som eit resultat av tiltak.

3.2 Krav til reinsing av avløpsvatn

3.2.1 Generelt

Alt avløpsvatn som er rekna med i *tettbebyggelsens utslippsstørrelse*, skal handsamast slik at dei same minstekrava til reinsing blir oppfylte, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi ved avløpsreinseanlegga. Dette gjeld for utslepp større enn eller lik 50 pe. Kontrollkrava skal likevel vere tilpassa det einskilde anlegget.

I tillegg kan det einskilde avløpsreinseanlegget ha tilleggskrav eller skjerpa krav fastsette av omsyn til resipienten og bruken av denne, jf. vilkår 3.2.3.

Alle eksisterande kommunale avløpsreinseanlegg med utslepp større enn eller lik 50 pe i Golsfjellet *tettbebyggelse* som dette løyvet regulerer, skal som eit minimum oppfylle krava i forureiningsforskrifta.

Avløpsreinseanlegg som tidlegare har vore regulerte etter kapittel 13 i forureiningsforskrifta, skal oppfylle dei same reinsekrava seinast innan sju år etter at overgangen til kapittel 14 fann stad.

3.2.2 Oversikt over avløpsreinseanlegg

Avløpsreinseanlegg innanfor kommunen sin del av *tettbebyggelsen* og som er omfatta av dette løyvet, går fram av tabell 3.2.2.1.

Oversikta gir òg informasjon om venta belastning og dimensjonerande kapasitet i pe (BOF_5), samt venta hydraulisk kapasitet. Oversikta viser vidare typen reinseprosess ved reinseanlegget.

Tabell 3.2.2.1: *Oversikt over avløpsrenseanlegg innanfor kommunens del av tettbebyggelsen*

Namn på avløpsreinseanlegg	**Tilført belastning i pe (BOF_5) i 2035**	**Dimensjonerande kapasitet i pe (BOF_5) i 2035**	**Hydraulisk kapasitet (m^3 per time) i 2035**	**Reinseprosess**
Golsfjellet avløpsreinseanlegg	5 700	5 100*	30	Biologisk-kjemisk

*Gol kommune skal gjennomføre tiltak for å sikre tilstrekkeleg dimensjonerande kapasitet målt i pe (BOF_5) ved auka tilrenning som kan føre til overbelasting av anlegget.

Avløpsreinseanleggene skal utformast slik at krava i forureiningsforskrifta kapittel 14 og krava i dette løyvet kan overhaldast.

3.2.3 Reinsekrav og dokumentasjonskrav for Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Generelt om dokumentasjonskrav

Utsleppsparametrar og tilhøyrande reinsekrav, samt minimumstal på prøvar og midlingstid, er fastsette i tabell 3.2.3.1 nedanfor. Avlasting frå overløp ved avløpsreinseanlegget (både regnvassoverløp og nødoverløp) er inkludert i reinsekrava.

Utsleppskrava gjeld ved utløpet frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg, dvs. før etterpoleringstrinn i våtmarksbasseng.

Prøvar av KOF_{CR} og BOF_5 skal minst oppfylle anten krav til konsentrasjon eller krav til reinseeffekt.

Dersom utsleppet av KOF_{CR} og/eller BOF_5 overstig reinsekrava med 100 %, skal kommunen varsle Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

3.2.3.1 *Golsfjellet avløpsreinseanlegg*

Tabell 3.2.3.1: *Utsleppsparameter, reinsekrav, prøvetakingskrav og krav til maksimalt årleg utslepp*

Utsleppsparameter	**Krav**	**Prøvetype og -frekvens**
Totalfosfor (Tot-P)	95 % reduksjon Reinseeffekt bereknast som årleg middelverdi.	24 vekeblandprøvar eller døgnblandprøvar per år
Totalnitrogen (Tot-N)	Prøvetaking	24 vekeblandprøvar eller døgnblandprøvar per år
Biologisk oksygenforbruk (BOF_5)	Minst 70 % reduksjon eller maksimalt 25 mg O_2/l ved utslepp	24 døgnblandprøvar per år. Minst 21 av 24 prøvar må overhalde krav.
Kjemisk oksygenforbruk (KOF_{CR})	Minst 75 % reduksjon eller maksimalt 125 mg O_2/l ved utslepp	24 døgnblandprøvar per år. Minst 21 av 24 prøvar må overhalde krav

3.2.4 Utsleppspunkt for avløpsreinseanlegg og overløp

Reinsa avløpsvatn skal førast ut i vassførekomsten på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, og slik at brukarinteresser ikkje blir påverka.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkoma i kommunen sitt sjøområde, krev løyve frå den kommunen der tiltaket skal setjast i verk, jf. *havne- og farvannsloven*[5].

[5] Jf. lov om havner og farvann av 21.06.2019 nr. 70 § 14

Tabell 3.2.4.1 *Utsleppspunkt for reinsa avløpsvatn frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg*

Namn/skildring av utsleppspunktet	Koordinatar X (UTM sone 32)	Koordinatar Y (UTM sone 32)	Avstand frå land[6] + namn på resipient	Djupn
Utsleppspunkt for reinsa avløpsvatn frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg	499486.93	6744723.91	Ikkje relevant, avløpsvatnet blir leia til våtmarksbasseng med vidare avrenning til bekk og Tisleifjorden	Ikkje relevant

Tabell 3.2.5.1 *Utsleppspunkt for overløp frå Golsfjellet avløpsreinseanlegg*

Namn/skildring av utsleppspunktet	Koordinatar X (UTM sone 32)	Koordinatar Y (UTM sone 32)	Avstand frå land + namn på resipient	Djupn
Utsleppspunkt for overløp ved Golsfjellet avløpsreinseanlegg	499486.93	6744723.91	Ikkje relevant. avløpsvatnet blir leia til våtmarksbasseng med vidare avrenning til bekk og Tisleifjorden	Ikkje relevant

3.2.5 Påslepp

Påslepp til det kommunale avløpsnettet skal ikkje redusere høvet til å overhalde utslepps- og reinsekrav som er fastsette i dette løyvet eller i forureiningsforskrifta, eller redusere høvet til å nytte avløpsslammet i samsvar med krava i gjødselvareforskrifta.

Kommunen skal ha oversikt over alle verksemder som kan utgjere ein risiko for det kommunale avløpssystemet, jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følgje opp desse gjennom pålegg og tiltak.

4 Utslepp til luft

4.1 Generelt

Lukt skal vere ein driftsparameter for det samla avløpssystemet. Dette for å sikre at lukt frå pumpestasjonar, overløp, kummer og eventuelle lufteinnretningar ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av nærområdet.

Kommunen skal ha oversikt over luktkjelder og vurdere behovet for tiltak, og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

[6] Avstanden frå land blir rekna som horisontal avstand frå strandkanten ved middelvasstand

Før bygging av nye anlegg eller komponentar (pumpestasjonar, kummer, uteområde og leidningar) skal kommunen vurdere moglege luktkjelder, og om nærleik til busetnad, ferdsel eller terrengtilhøve kan skape luktproblematikk.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik knytte til lukt. Systemet skal vere ein del av internkontrollen.

4.2 Lukt frå punktkjelder

Punktutslepp av avgassar skal handterast slik at luktulemper blir førebygde på ein effektiv måte. Utrekna luktimmisjon frå slike kjelder ved nærliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overstige 1 ouE/m³ som maksimal månadleg 99-prosent timefraktil.

Luktberekningar skal gjennomførast i samsvar med Norsk Standard NS-EN 13725.

4.3 Klimagassrekneskap og utslepp av klimagassar

Utslepp av klimagassar frå drifta av det samla avløpssystemet skal haldast på eit så lågt nivå som mogleg. Verksemda skal utarbeide klimagassrekneskap årleg.

5 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved nærliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overstige grensene i tabell 5.1. Grensene skal målast eller reknast ut med frifeltsverdi ved den fasaden som er mest utsett for støy.

Tabell 5.1 *Støygrensar*

Dag (kl. 07-19) LpAeq12h	Kveld (kl.19-23) LpAeq4h	Natt (kl. 23-07) LpAeq8h	Søn-/heilag-dagar (kl. 07-23) LpAeq16h	Natt (kl. 23-07) LA1*
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

*LA1 er eit statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida i situasjonar der maksimalnivåhendingane er forårsaka av mange typar kjelder, og der talet på hendingar ikkje er eintydig eller kan grupperast. LpAeqT r A-vegd gjennomsnittsnivå dB(A), midla over driftstida, der **T** viser til midlingstida i tal timar.

Alle støygrensar skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta av avløpsreinseanlegg, inkludert intern transport på området til anlegga og lossing og lasting av råvarer, slam mv. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

6 Utslepp til grunn

Verksemda skal ikkje medføre utslepp til grunn eller grunnvatn som kan medføre skader eller ulemper for miljøet. Kommunen plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn.

7 Avfall og avløpsslam

7.1 Generelle krav til avfall

Kommunen pliktar, så langt det er mogleg, å unngå at det oppstår avfall som følgje av verksemda. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet søkjast avgrensa mest mogleg.

Kommunen pliktar å syte for at all handtering av avfall, medrekna farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller i medhald av forureiningslova, mellom anna avfallsforskrifta.

Avfall som oppstår i verksemda, skal leverast til lovleg avfallsmottak.
Ved eventuell bruk av biofilmbærarar skal det sikrast at plastmedium ikkje blir spreidd til miljøet.

7.2 Handtering av avløpsslam

Med avløpsslam er meint den faste fraksjonen som blir felt ut ved reinseprosessar i avløpsreinseanlegg, der ristgods er fjerna på førehand (sjå definisjon av avløpsslam i *vedlegg 1*).

Kommunen skal ha oversikt over mengder råslam som oppstår ved det einskilde avløpsreinseanlegget, slamkvaliteten og vidare handtering. Dette skal inngå i eigenkontrollrapporteringa for avløpsreinseanlegg, jf. punkt 12.1.

Det er ikkje tillate å ta imot, behandle eller mellomlagre slam ved Golsfjellet avløpsreinseanlegg. Avløpsslam skal førehandsbehandlast slik at det er eigna for transport til behandlingsanlegg. Avløpsslam som ikkje oppfyller krava i gjødselvareforskrifta [7] og dermed ikkje er eigna til bruk, skal leverast til godkjent mottaksanlegg for avfall og ikkje blandast saman med anna avløpsslam.

Ved prøvetaking av slam skal anerkjende metodar nyttast for å oppnå representative prøvar.

Statsforvaltaren kan påleggje kommunen å delta i kartlegging for å dokumentere nivå av miljøgifter i slam.

[7] Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4.7.2003, nr. 951

8 Akutt forureining – førebyggjande tiltak, varsling og beredskap

8.1 Førebyggjande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftsforhold eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Kommunen pliktar i tillegg å ha ein plan for ei trinnvis og systematisk gjennomføring av risikoreduserande tiltak som er avdekte i miljørisikovurderinga, jf. vilkår 2.6.1.

8.2 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikovurderinga skal kommunen utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som er identifiserte i miljørisikoanalysen, skal kommunen utarbeide og grunngje:

- organisering av beredskapen
- naudsynt beredskapsutstyr
- naudsynt mannskap
- responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

8.3 Beredskapsplan

Miljørisikovurdering, beredskapsanalyse, førebyggande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av kommunen si internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som eit minimum skildre organiseringa av den etablerte beredskapen, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne leggjast fram ved behov.

8.4 Beredskapsetablering

Med grunnlag i beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonerte for dei potensielle hendingane som er vurderte å utgjere størst miljørisiko.

8.5 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for øving av beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst éin gong per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga, mellom anna mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om forbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om forbetringar er følgde opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

8.6 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining[8]. Internkontrollen skal skildre kartlegging og vurdering av risiko for akutt forureining og annan uønskt påverknad på ytre miljø. Kommunen skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus om:

- Akutt forureining på grunn av driftsstans som følgje av uhell eller langvarig straumbrot
- Unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessig betydning
- Utsleppskonsentrasjonar som overstig det doble av gjeldande krav for ei prøve der prøvetaking og analyse er utførte jf. forurensningsforskrifta §§ 14-11, 14-12 og 14-14

Kommunen kan finne skjema for varsling av akutt forureining på Statsforvaltaren sine nettsider: https://www.statsforvalteren.no/nb/ostfold-buskerud-oslo-og-akershus/skjema-og-tjenester/

9 Utsleppskontroll, resipientundersøkingar og overvaking

9.1 Krav om måleprogram

Kommunen skal, som ein del av internkontrollen ved avløpsanlegget, utarbeide og halde oppdatert eit måleprogram med oversikt over alle analysar og målingar av relevante drifts- og utsleppsparametrar, tilpassa storleiken til det einskilde anlegget. Dette omfattar mellom anna utslepp til vatn, grunn og luft. Måleprogrammet skal vere ein del av kommunen sin internkontroll og haldast oppdatert.

Måleprogrammet skal skildre dei ulike stega i målingane og grunngje dei valde prøvetakingspunkta og prøvetakingsmetodikken (metodar og frekvens).

Prøvetakingstidspunkta skal veljast slik at resultata blir mest mogleg representative for variasjonar i utsleppa gjennom heile året under normale driftsforhold. Måleprogramma skal omfatte den føresette maksveka for belastning og periodar med overløp. Minste tal på akkrediterte prøvar skal vere i samsvar med krava i tabell 3.2.3.1 i løyvet, men talet skal aukast der dette er nødvendig for å oppfylle kravet om representativitet. Dersom ei prøve må falle bort som følgje av unormale driftsforhold, skal dette kompenserast ved at det blir teke ei ny prøve på eit seinare tidspunkt.

Prøvane skal analyserast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 14-12. Analysane skal utførast av laboratorium som er akkrediterte for dei aktuelle analysane etter NS-EN ISO/IEC 17025. Norske standardar skal nyttast så langt det er mogleg. Dersom slike standardar ikkje finst, kan internasjonale standardar eller andre metodar nyttast, så lenge metoden gir representative verdiar for verksemda sine faktiske utslepp.

[8] *Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 01.01.1993 nr. 1269*

9.2 Overvaking etter forureiningsforskrifta

Kommunen skal syte for overvaking av moglege miljøverknader av utslepp frå avløpsreinseanlegg og overløp med ei utsleppsstorleik av miljømessig betydning til råka vassførekomstar, i samsvar med eit overvakingsprogram. Overvakinga skal vere risikobasert og bidra til å avklare om resipienten skal registrerast som følsam, normal eller mindre følsam, jf. forureiningsforskrifta kapittel 11, vedlegg 1 punkt 1.1, og følgje prinsippa i rettleiaren TA-1890/2005 eller ei oppdatert utgåve av denne.

Overvakinga skal gjennomførast med eit intervall på tre år og samordnast så langt det er mogleg med overvakinga etter vassforskrifta.

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren påleggje ei utviding av overvakingsprogrammet med omsyn til målepunkt, element og frekvens. Statsforvaltaren kan òg påleggje strengare reinsekrav.

9.3 Overvaking etter vassforskrifta

Kommunen skal overvake korleis utslepp frå avløpsreinseanlegg og overløp med ei utsleppsstorleik av miljømessig betydning påverkar tilstanden i vassførekomsten, og dokumentere om utsleppa medfører forringing eller at miljømåla ikkje blir nådde, jf. vassforskrifta §§ 4, 5 og 18. Overvakinga skal gjennomførast i samsvar med reglane i vassforskrifta for tiltaksretta overvaking, jf. § 18 og vedlegg V punkt 1.3, og vurderast etter klassifiseringssystemet for miljøtilstand i vatn[9]. Overvakinga skal belyse påverknad frå pågåande og tidlegare utslepp frå verksemda. Overvakinga skal òg belyse verksemda sitt bidrag til den samla tilstanden i vassførekomsten.

Kommunen skal nytte nødvendig fagkompetanse og samarbeide med eventuelle andre forureinarar om å utarbeide eit overvakingsprogram for dei resipientane som blir påverka av avløpsvatn. Dersom det går føre seg anna overvaking i resipienten utført av andre aktørar (til dømes vassområde), blir det tilrådd at overvakinga blir samordna. Overvakingsprogrammet skal vurderast årleg av fagkyndig, og ved behov oppdaterast.

Overvakingsprogrammet eller overvakingsprogramma skal følgje tilrådingane i gjeldande versjon av rettleiaren *Klassifisering av miljøtilstand i vann* (02:2018). Overvakingsprogrammet skal skildre og grunngje kva for biologiske og kjemiske kvalitetselement eller parametrar som skal overvakast, kvantifiseringsgrenser og intervall for prøvetaking. Plasseringa av prøvetakingspunkt og prøvetakingsfrekvens, samt korleis og i kva for matriksar (vatn, biota, sediment) undersøkinga skal gjennomførast, skal òg gå fram av og grunngjevast i programmet. Det skal takast prøvar både oppstraums og nedstraums for utsleppspunktet til anlegget.

Overvakinga skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med overvakingsprogrammet. Der det er føremålstenleg, kan sjølve prøvetakinga gjennomførast av kommunen i samråd med konsulenten. Dersom vurderingane viser at det er behov for tiltak av omsyn til resipienten eller for å overhalde krava i dette løyvet, pliktar kommunen òg å utbetre tilhøva så snart som praktisk mogleg.

[9] Veileder 02:2018 Klassifisering av miljøtilstand i vann. Økologisk og kjemisk klassifiseringssystem for kystvann, grunnvann, innsjøer og elver

Dersom utslepp eller tilstanden i vassførekomsten endrar seg, kan Statsforvaltaren påleggje ei utviding av overvakingsprogrammet med omsyn til målepunkt, element og frekvens.

9.4 Rapportering av overvakingsresultat

Resultat frå overvakinga etter forureiningsforskrifta, jf. punkt 9.2, skal drøftast, og konklusjonar om registrering av resipienten som følsam, normal eller mindre følsam skal leggjast fram for forureiningsstyresmaktene som ein del av årsrapporteringa for det påfølgjande kalenderåret, jf. punkt 12.2.

Vurdering av resultata frå resipientundersøkingar etter vassforskrifta, jf. punkt 9.3, skal sendast Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført, som ein del av årsrapporteringa, jf. punkt 12.2. Resultata skal vurderast i tråd med det til ei kvar tid gjeldande klassifiseringssystemet for vatn, fastsett i vassforskrifta og tilhøyrande rettleiingsmateriell.

9.5 Registrering i Vannmiljø

Alle overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/) innan 1. mars året etter at undersøkingane er gjennomført. Data rapporterast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk finst på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.

10 Energi

10.1 Energistyringssystem

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ei mest mogleg energieffektiv drift av heile avløpsanlegget. Eit energistyringssystem skal inngå som ein del av internkontrollen.

10.2 Utnytting av overskotsenergi

Kommunen skal i størst mogleg grad nytte overskotsenergi internt og leggje til rette for at overskotsenergi òg kan nyttast eksternt, med mindre det kan dokumenterast at dette ikkje er teknisk mogleg, er avgrensa av gjevne konsesjonar eller inneber urimelege kostnader.

11 Substitusjon av kjemikaliar og råstoff

Med kjemikaliar er det her meint kjemiske stoff og stoffblandingar som blir nytta, mellom anna fellingskjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel mv.

For kjemikaliar som blir nytta på ein måte som kan medføre fare for forureining, skal kommunen dokumentere at det er gjennomført ei risikovurdering av bruk og utslepp, basert på eigenskapane til kjemikaliane, mengder, utsleppspunkt mv., jf. òg punkt 2.6 om internkontroll.

Kommunen, eller den som er ansvarleg for drifta av avløpsreinseanlegget, pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar. Det skal gjennomførast ei løpande vurdering av risiko for skadelege verknader på helse og miljø som følgje av dei kjemikaliane som blir nytta, og av om det finst alternativ. Der betre alternativ finst, pliktar kommunen å nytte desse så langt dette kan skje utan urimelege kostnader eller ulemper[10]

Stoff, åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje nyttast utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket[11] og andre regelverk som gjeld for kjemikaliar.

12 Krav til rapportering

12.1 Årleg eigenkontrollrapportering

Kommunen skal rapportere avløpsdata til Miljødirektoratet innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje i samsvar med den løysinga Miljødirektoratet til ei kvar tid legg til rette for.

12.2 Årsrapport for avløpsdata

I tillegg til eigenkontrollrapporteringa skal kommunen årleg rapportere i det til ei kvar tid gjeldande skjemaet for årsrapport som ligg på Statsforvaltaren sine nettsider: https://www.statsforvalteren.no/nb/ostfold-buskerud-oslo-og-akershus/skjema-og-tjenester/
Årsrapporten skal leggjast ved eigenkontrollrapporteringa, jf. punkt 12.1.

12.3 Skriftleg vurdering av driftsforhold

Kommunen skal årleg gje ei skriftleg vurdering av driftsforholda det siste kalenderåret for høvesvis avløpsnett, reinseanlegg, slamhandsaming og overvaking, med vekt på overordna, kvalitative vurderingar.

Følgjande tema skal inngå i vurderingane:

- Korleis gjennomførte oppgraderingar det siste kalenderåret og planlagde endringar av avløpsnettet bidreg til å etterkomme krava i løyve og delmåla i kommunen sin temaplan/hovudplan avløp med tilhøyrande handlingsplanar
- Korleis avløpsnettet fungerer, inkl. verknadsgrad, driftstid og mengder avlasta for overløp, samt berekning av innlekking og utlekking
- Omfanget av tiltak for å redusere tilførsler av overvatn, medrekna forventa og registrert effekt av tiltaka, inkludert større separeringstiltak
- Korleis avløpsreinseanlegga fungerer og årsaker til eventuelle overskridingar av løyve. Vidare skal trendar for reinsing og driftsstabilitet skildrast
- Eventuelle overskridingar av løyve skal kommenterast særskilt ift. vilkår 3.2.3 og 3.2.4 med forslag til korrigerande tiltak
- Resultat, trendar og konklusjonar frå resipientovervaking jf. hensikt med overvakinga skildra i pkt. 8.2 og 8.3
- Status for risikovurderingar og oppfølging

[10] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) av 11.06.1976 nr. 79 § 3a om substitusjonsplikt
[11] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr. 516

Data som blir rapporterte i eigenkontrollrapporteringa eller til Vannmiljø, er det ikkje nødvendig å gjenta i vurderinga ovanfor, utover det kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbyggje konklusjonar.

Den skriftlege vurderinga skal lastast opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten til Miljødirektoratet for kommunen sitt hovudleidningsnett, inntil denne rapporteringa eventuelt blir integrert i skjema for eigenkontrollrapportering.

13 Nedlegging, ombygging og overføring av avløpsvatn til andre anlegg

Dersom eit avløpsanlegg er planlagt lagt ned eller stansa i ein periode som følgje av ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining.

Aktivitetar som kan medføre fare for forureining, skal avklarast med Statsforvaltaren. Søknad om eventuelle unntak frå gjeldande reinsekrav skal sendast Statsforvaltaren i god tid.

Dersom det skal gjennomførast utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet blei gjeve, skal Statsforvaltaren på førehand få melding om dette.

All utskifting av utstyr skal ta utgangspunkt i den teknologien som, ut frå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og økonomiske tilhøve, gir dei beste resultata, jf. forureiningslova § 2.

Ved planlegging av nedlegging av avløpsreinseanlegg skal Statsforvaltaren få melding om dette. Ein plan for nedlegging, med planlagde tiltak og fristar, skal sendast Statsforvaltaren i god tid før nedlegginga.

Ved nedlegging eller stans skal den ansvarlege syte for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir tekne hand om på ein forsvarleg måte. Dette omfattar mellom anna at farleg avfall blir handtert i samsvar med avfallsforskrifta kapittel 11. Tiltaka som blir sette i verk i denne samanhengen, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan tre månader etter nedlegging eller stans.

Rapporten skal òg innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikaliar, samt namn på eventuelle kjøparar.

Ved nedlegging av avløpsreinseanlegg skal den ansvarlege syte for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand att.

14 Tilsyn

Kommunen pliktar jf. forureiningslova § 50 å la representantar for Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus føre tilsyn med anlegga.

Vedlegg 1: Oversikt over utvalde, sentrale omgrep nytta i løyvet

Begrep	**Forklaring**
Tettbebyggelse	Definert i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k, basert på nærleik mellom husklynger som består av minst fem hus. Sjå full definisjon i forskrifta. I tillegg blir fleire *tettbebyggelser* rekna som ei *tettbebyggelse* dersom avløpsvatn frå to eller fleire *tettbebyggelser* blir samla opp og ført til eitt felles avløpsreinseanlegg eller utsleppsstad. Definisjonen gjeld alle typar bygg, mellom anna bustadhus, hytter og turistanlegg, næringsbygg, institusjonar, idrettsanlegg mv.
Tettbebyggelsens utslippsstørrelse	Den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i pe (BOF_5) til avløpsnettet i *tettbebyggelsen* som oppstår i maksveke. Utsleppsstorleiken blir berekna på grunnlag av kunnskap om utsleppskjelder i samsvar med NS 9426. *(Kjelde: EU sitt avløpsdirektiv)*
Maksveke	Største årlege pe (BOF_5)-døgnbelastning berekna som gjennomsnitt av sju påfølgjande dagar (Kilde: NS 9426 og EUs avløpsdirektiv).
Kommunen sine berekna (potensielle) utslepp av avløpsvatn i maksveke	Den berekna, maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i pe (BOF_5) til det kommunale avløpssystemet som er regulert i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med venta høgast belastning. Berekningane skal vere representative for situasjonen på søknadstidspunktet og minst 10 år fram i tid, ettersom løyvet uansett bør reviderast seinast etter 10 år. (Kilde: EUs avløpsdirektiv)
Avløpsslam	Slammet som blir felt ut ved reinsing i eit konvensjonelt avløpsreinseanlegg, og der ristgods er fjerna på førehand. Septikslam inngår ikkje i denne definisjonen av hygieniske grunnar. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, blir septikslam omtala som en form for avløpsvatn.
Råslam	Ubehandla avløpsslam, dvs. slam som ikkje har gjennomgått nokon form for behandling. Fortykking og avvatning av råslam er metodar for førehandsbehandling ved avløpsreinseanlegget for å redusere vassinnholdet i avløpsslammet før transport. Dette er aktivitetar som det er naturleg å rekne som ein del av drifta av eit avløpsreinseanlegg, og ikkje som avfallsbehandling. (Kilde: Miljødirektoratet)
Septikslam	Samleomgrep for det som oppstår ved tømming av slamavskiljarar, septiktankar og tette oppsamlingstankar o.l. og som kan ha et vassinnhald på 95-99 %. (Kilde Bjarne Paulsrud, Vann nr. 4/1982).

	Septikslam inngår ikkje i definisjonen av avløpsslam. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, blir septikslam definert som ei form for avløpsvatn.
Overløp	Innreiing for avleiing eller måling av væskemengder. Utforminga avhenger av funksjon og væskemengd. Overløp kan óg nyttast om sjølve vassmengda som blir avleidd/målt. (Kilde: Vannordboken). Der omgrepet 'overløp' er brukt i dette løyvet, er det meint både regnvassoverløp og nødoverløp. Overløpet sin funksjon er at når den tilførte vassmengda overstig kapasiteten nedstraums, blir ein del av vassmengda ført til ei avlastningsleidning (overløpsleidning) som normalt fører overløpsvatnet til næraste resipient. (Kilde NV-rapport 222_2016)
Regnvassoverløp	Overløp som er etablert for å hindre overbelastning av avløpssystemet i periodar med så store nedbørsmengder at avløpssystemet sin dimensjonerande kapasitet blir overskriden. (Kilde: Ødegaard, Hallvard (2012) Vann- og avløpsteknikk, Norsk Vann) Berre relevant for fellesnett.
Nødoverløp	Overløp som oppstår som følgje av uføresette hendingar i alle delar av avløpssystemet og som blir nytta av tryggleiksmessige grunnar. (Kilde: Ødegaard, Hallvard (2012) Vann- og avløpsteknikk, Norsk Vann)
Framandvatn	Vassvolumet som blir tilført avløpssystemet i tillegg til nødvendig spillvatn/sanitært avløpsvatn og evt. industrielt avløpsvatn som er tillate gjennom påslepp. Det er vanlegvis regnvatn, smeltevatn, grunnvatn eller drikkevatn. Omtales også som infiltrasjons- og innlekkingsvatn ifølge boka om VA-teknikk av Ødegaard.
Verknadsgraden for avløpsnettet	Kor stor del av vassmengda eller stoffmengda som når fram til avløpsreinseanlegget samanlikna med det som oppstår.
Blandprøvar	Prøve satt saman av fleire mindre vassmengde-proporsjonale delprøvar tekne gjennom prøvetakingsperioden. Prøvetakingsperioden er anten eitt døgn eller ei veke.
vekeblandprøvar	Blandprøvar tekne over minst fem døgn innanfor ein periode på maks sju påfølgjande døgn.
Prøvetaking	Uttak av ei representativ prøve og all handsaming av prøva til ho er klar for analyse. Dette omfattar óg transport og oppbevaring av prøva inntil

	ho er overlevert til laboratoriet. (Kilde: Kommentarane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Akkreditering	En offisiell anerkjenning av ein organisasjon sin kompetanse og evne til å utføre oppgjevne oppgåver i samsvar med gjevne krav. I Noreg er det Norsk Akkreditering som gjev akkreditering. (Kilde: Kommentarane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Substitusjon/ substitusjonsplikt	Substitusjon tyder erstatning. Substitusjonsplikta inneber at den einskilde verksemda må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Alle verksemder som yrkesmessig nyttar produkt som inneheld helse- og miljøskadelege kjemikaliar, skal vurdere substitusjon.